


Jølst

UTGJEVE AV JØLSTER MÅLLAG 2018 – ÅRGANG 33



Bibliotekaren



Forteljaren



Amerikadrøymaren



Disney-teiknaren

Innhald:

Brattelifolket, ei husmannssoge frå Bolset	Rakel Viken	4
Edwin (ED) Aardal	Jan Asle Bolset	6
Sommaren i år var den 7. våtaste	Einar Gautefall	9
Magnus O. Årdal	Hallstein Dvergsdal	11
Ein sikker vinnar	Jan Asle Bolset	14
Nytt frå Jølster Mållag	Ingrid Søyland	15
Zakarias Olsson Fossheim	Kristian Fossheim	17
Sommarminne frå Dvergsdalen	Bjørn Helge Nygård	19
Eit levedyktig samfunn	Andreas Årseth	23
Ei verd i ubalanse	Jon-Kristoffer Navelsaker Hestad	24
Amerikadraummen som brast	Ole Magnus Kapstad / Anne Cecilie Kapstad	26
Grendehusa som litteraturhus	Janne Karin Støylen	31
99% skandinav, 1% nigerianer	Einar Gautefall.....	33
«Skjold» – ein lys ide	Edvin Helgheim	34
180 år med litteratur til folket	Grete Skaar Sunde.....	39
Sauesanking i Årdalen på 70-talet	Edvin Helgheim	42



Kjære lesar!

Det bladet du held i hendene er eit resultat av mange dyktige menneske sitt arbeid. Dette er menneske som er opptekne av å ta vare på historia, kulturen, språket og andre ting som har med identiteten vår å gjere. Det er også menneske som er glade i bygda si og som ønskjer å formidle til noverande og kommande generasjonar litt om kva denne kommunen, denne bygda er og har vore.

Dette nummeret av Jølster er det 33. i rekkja sidan bladet såg dagens lys i 1984. Gjennom desse åra har svært mange forfattarar fått spalteplass i bladet. Dei fleste er slike som har vore heimehøyrande i bygda, men også mange utflytte jølstringar har levert stoff til bladet, enten på eige initiativ eller etter utfordring frå redaksjonen. Vi som styrer med bladet er sjølvsagt glade for at så mange tydelegvis ønskjer at «Jølster» skal ha eit liv. Vi er også glade for at så mange utanfor bygda, med ei eller annan tilknytning til Jølster, ønskjer å få tak i bladet. Bestillingane frå slike blir fleire og fleire etter som åra går.

Det er Jølster Mållag som eig «Jølster» og bladet har sidan starten vore eit talerøyr for kultur, lokalhistorie og språkrøkt. Jølster mållag er eit av dei mest aktive lokallaga her i fylket, og der skjer mykje spennande i regi av dette laget, noko du kan lese meir om inne i bladet. Eitt av dei verkeleg gode påfunna til Jølster Mållag er T-skjortene med dialektord på, som dei har hatt for sal i to omgangar. Den nyaste T-skjorta var med både på Landsmøtet til Noregs Mållag i vår og på landsrådsmøte no i haust. På begge plassane fekk T-skjorta mange kommentarar og lovord.

Vi er i ferd med å legge bak oss eit spesielt år reint vêrmessig. Ein lang og snørik vinter gjorde til at vi fekk ein skisesong av godt gammalt merke. Skisenteret på Vassenden hadde ein rekordlang sesong og i fjella rundt om i bygda var det stor aktivitet på ski, nær sagt til alle døgnets tider. Vinteren vart avløyst av ein uvanleg varm vår og sommar, før det heile jamna seg ut med rekordvåte haustmånader. Men som de vil sjå av ein artikkel inne i bladet, så er det ikkje sikkert at sommaren i år var så tørr som statistikken vil ha



Tre kvinner som fekk heider og ros på Landsmøtet til Noregs Mållag i vår. F.v.: Oddny Miljeteig frå Hordaland som vart utnemnd til æresmedlem, Magni Øvrebotten frå Sogn og Fjordane som fekk Målprisen, Olaug Nilsen frå Sogn og Fjordane som fekk årets Nynorsk litteraturpris. Her er dei saman med leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn som var prisutdelar.

3

det til. Men det som er sikkert er at bøndene fekk utfordringar med ein svært dårleg førsteslått. Ein rekordtidleg slått gjorde likevel til at svært mange fekk tre slåttar og såleis berga seg inn att på eit vis.

Når det no snart er jul og eit nytt år bankar på døra, kan det ver på sin plass med nokre tankar om det året vi går inn i. Det blir det siste året for Jølster som eigen kommune, og dermed er 181 år med kommunehistorie over. Det blir det siste året med kommunestyremøte, og budsjettet som no vert vedteke, er det siste. Men vi håpar og trur at «Jølster» vil overleve dei fleste reformer og at bladet også i framtida blir å finne i butikkhyllene.

God Jul og eit fredeleg nytt år til alle.

H.D.

REDAKSJONEN I JØLST:
Hallstein Dvergsdal, redaktør
Einar Gautefall
Jan Asle Bolset
Aina Gamborg

STYRET I JØLSTER MÅLLAG:
Ingrid Søyland, leiar
Maria Sture, nestleiar
Ola Kongsvik, skrivar
Einar Gautefall, kasserar
Siw Falkenstein

ADRESSA TIL MÅLLAGET:
Jølster Mållag v/Einar Gautefall
6843 Skei i Jølster
www.facebook.com • Jølster mållag

Brattelifolket

– Ei husmannssoge frå Bolset

Av Rakel Viken. Innleiing ved Jan Asle Bolset. Foto: Hallstein Dvergsdal



4 Dette er restane etter husmannsplassen Brattelia. I dag er tuftene dekte av rognetre og bjørk.



Rakel Viken, som var fødd på br. nr. 1 på Bolset, hugsa godt Brattelifolket og skreiv så godt om dei i Firda for over 50 år sidan.

Rett ovanfor E-39, på grensa mellom Bolset og Klakegg ligg nokre gamle tufter. Dette er restane etter husmannsplassen Brattelia. I dag er tuftene dekte av rognetre og bjørk. Rakel Viken, som var fødd på br. nr. 1 på Bolset, hugsa godt Brattelifolket og skreiv så godt om dei i Firda for over 50 år sidan. Her er det ho skreiv om husmannsplassen Brattelia, og folka som levde der.

«Ei tid før jul las eg i Firda om ei Jølsterkvinne i U.S.A. som fyllte 100 år i november og kvakk mest. Kva, lever ho Pernilla i Brattelia enno? For ho måtte det vere, Pernilla Knutsen Bolset. Kor rart. For meg er ho som ein segnfigur som eg hørde snakk om i mine barnedagar heime på Bolset. Ho som var reist til Amerika for lenge sidan, og som sende brev med dei mange frimerka på til Knut Bolset som var far hennar. Dei låg i postkassa nede ved veggen med visse mellomrom, vel utkjende.

Amerika var for oss borna eventyrlandet, der folk vart rike, og gjekk i fine klede, åt «stomp» med smør og sukker kvar dag, so mykje som dei vilde. Ho Pernilla og var rik, trudde vi, for vi hadde høyrte gjete ho hadde piano i stova si, og det var det berre storfolk som hadde råd til, her til lands då.

Knut Bolset var frå Sandal, er meg fortalt. Kona heitte Britte. Dei hadde bygsla ein plass på ein av Bolsetgardane. Det var Brattelia, og der voks borna deira opp. Tre gjenter og ein gut. Lovisa, den eldste, reiste fyrst til Amerika i ung alder. Andrea vart gift med Ola Sandalsstrand, og etter dei lever det ættlingar både her i Jølster og i Amerika. I 1882 reiste Pernilla og over til systra, 17 år gamal. Dei levde i

Minnesota lenge. Pernilla vart gift der, men mannen døyde etter ei tid. Knut, broren som var yngst, var gift med Nikkolina Myklebust, dotter til Skreddar-Knut, han var bror til Klaus Egge i Breim. Det var ei musikalsk slekt.

Mor til dei fire syskena, ho Britte, døydde då borna var i oppveksten, og seinare gifte Knut seg oppatt med Agate Heggheim, farsyster til Sjur Heggheim, som var lærar og ordførar ei tid. Desse folka minnest eg vel. Gamle Knut og Agate, ungfolket og dei fem borna deira, Kristian, Inga, Kari, Anna og Bertina. Vi borna var ofte i Brattelia og leika med dei.

Knut stelte vel med plassen, som låg noko for seg sjølv inne i lia. Bratt var der, men gras og poteter voks godt der. Tidleg var det grønt om våren, og der såg vi dei fyrste gule soleiene. Innanfor steingarden var ein fin bjørkelund. Der var eit forlivande fuglekviتر i ljose vårdagar, og når kveldsola heldt på å sige ned bak Skjortefjellet, og forgylte den vesle torvtekte raudmåla stova, med bjørkelunden som ei råme kring – då var der so fredeleg og vakkert. Det var so velstelt alt der inne. Stova hadde småruta glas, og i glaskarmane lyste liljebloomane med raude roser, vi såg dei frå vegen. Dei glasa smilte jamt mot oss, tykte eg. Gangen inn til stova var hellelagd. På begge sider var der vedla pent opplagd. Det var mest eineved, som lukta so friskt, kjenner mest enno den gode eimen som møtte oss der kvar gong vi kom innom. Stova var ikkje stor, men rein og triveleg. Trongt var det sakte etterkvart som borna kom til, og levemåten kunde vel verte i knappaste laget ofte. Unge Knut gjekk i arbeid der det var å få, men ofte var han arbeidslaus, og daglønene var små. Ei god hjelp var det at dei hadde mjølk, dei to kyrne heldt dei mest med det. Ei tid pakta han ein gard på Sunnmøre, men kom att i Brattelia og var der med huslyden i no-

kre år. Så var det at systra Pernilla hjelpte til med pengar, so det barst til Amerika med dei og. Eg veit ikkje betre enn at det var sumaren 1905 dei reiste. Kristian, den eldste guten, var då 8 år, Inga 6.

Vi sakna dei. No er det slutt på barneleiken og songen i Brattelia. Ho Nikkolina med den vene songrøysta, som hadde lært oss songar og viser. Ei av dei minnest eg enno, den tykte eg var «øye» rørande. Fyrste verset lydde så. «Der vokste opp en lilje ud i dalen, hun var av det reneste guld, jeg stansede og så på denne lilje, inntil tårer ned av kinderne randt»

For meg var det som om det var ho Nikolina som var lilja i dalen, ljøsleitt og ven. No var ho riva opp med rot, og fare forbi alle blånar og hav. Ja mange staute unge for over blåmyra i dei dagar, dei som ikkje hadde gardar, eller pengar til utdanning. Ikkje rart om ungdomen då song farvelsongar til landet, som denne: «Farvel du moder Norge, jeg avsked tar fra dig, du mange takk skal have fordi du fostred mig, det blev for knapt med kosten alt for en arbeidsflokk, men dine lærde sønner dem gav du mer enn nok».

Gamlefolket i Brattelia sat einslege att der inne. Gjekk vi stundom innom der, stod Agnete smilande i døra og tok mot oss, med der var so stilt i stova.

Både Pernilla og Knut med familie reiste til Vestkysten seinare. Pernilla gifte seg att med ein Knutsen, ho er no, som det stod i bladet på ein kvileheim nær Tacoma. Knut og Nikkolina er døde for fleire år sidan, men borna lever, dei vart ti sysken i alt. Sume bur i Seattle og der ikring, og står seg visst godt.

Men ho Pernilla minnest enno Brattelia og barnedagane. Når eg fer innover forbi Brattelia, ser eg opp og minnest. Enno er stovemurane att og den store rognen som var raud av bær kvar haust. Stien opp mot stova er attgrodd av mose og lyng, men kveldssola gyllar lia, og fuglane syng i treetoppane som før.»

Stubbar frå eldre tider i Jølster

Huldrefolkje

Her var mykje underjordiske før i tiene. Folk måtte flytte heim a støygå te mekjelsmysse. Då kom dei underjordiske å skulle ha selå. Eit år vart dei i medt-tuna (metuna) atte på støylen ette dei andree va ferne heim. Ein dag haure dei da brota ne-i Storetre-sela. Dei skyna at da va dei underjordiske som var komne.

Den dajen dei i Metuna drog heim buskapa, va det eit a kvinnfolkja so gjekk ne åt Storetre-sela å tok ei fjøl å slo i bordtakja so da small. Då haure ho da sa «Ja,ja» in i sela. Då dei kom fram gjønå veigjen, braut beste kyra a seg foten. Då fekk dei like fyr di dei skillde narre huldrefolkje.



Edwin (ED) Aardal

– Amerikansk teiknar med sterke røter i Jølster

Av Jan Asle Bolset



Hjördis Årdal mjølkar kyr. Teikna på si fyrste vitjing i Samuelstunet, i 1966.

Kven har ikkje sett Disneyfilmar med Donald Duck, Pinocchio, Snøkvit, Bambi, eller Lady og Landstrykaren? Kjende og kjære figurar som særleg ved juletider vert å sjå på tv-skjermen.

Ein av dei som har vore med og gitt liv til desse figurane og filmene, er Edwin Aardal, son til Sivert Årdal frå Samuelstunet i Årdalen.

Utvandra til USA

Saman med broren Sigurd, var Sivert ein av mange frå Jølster som reiste til Amerika på starten av 1900 talet for å skape ei betre framtid for seg og sine.

Som mange andre som utvandra til Amerika enda brørne opp i Seattle området i Washington State, som ligg i nordvest, nær grensa til Canada. Her livnærte dei seg som fiskarar, tømmehoggarar, eller dei tok arbeid på sagbruk både i USA og Canada. Saman med kona, Martha, fødd

Grinde, slo Sivert seg ned i småbyen Eldon. Her fekk dei sju born.

Edwin Aardal vart fødd i 1910 i Eldon. Som 15-åring og ferdig med grunnskulen byrja Ed å arbeide mykje likt det faren hadde gjort. På denne tida reiste han ofte i lag med faren og onkelen Sigurd på fiske, nokre gonger opp til Alaska.

På ein av desse turane vart Ed vitne til ein brutal kamp på liv og død, mellom to store Spekkhoggarar. Måten desse kvalane slost og sumde på, med kraftfulle og store rørsler gjorde inntrykk på Ed, og var seinare med på inspirere han i arbeidet som animatør hjå Walt Disney og andre.

Til Walt Disney

Etter å ha arbeidd nokre år byrja Ed på vidaregåande skule i Seattle. Samstundes med skulegang arbeidde han som teiknar i ei avis i Seattle. Med eit stort talent for teikning vart Ed rådd til å søke seg til Hollywood og Walt Disney, som trengde dyktige animatørar til sine teiknefilmprosjekt. Med



Raspkakeleging. – Ed Aardal t.h. saman med broren Lawrence hjelper til med raspkakeleging i Samueltnet. Frå vitjinga på 80-talet. Privat familiefoto.

25 dollar i lomma reiste Ed til Los Angeles og søkte jobb hjå Walt Disney. Her fekk han jobb i 1935 og starta opp som teiknar med ei løn på 10 dollar i veka.

Dei neste 20 åra var Ed med på skape teiknefilm med Donald Duck, Snøkvit, Pinocchio, Dumbo og mange fleire. Etter å ha vore med og laga Lady og Landstrykaren midt på 50-talet, vart Ed sagt opp frå Walt Disney, truleg i ein prosess med nedbemanning og kostnadsjakt. Litt seinare skulle Disney lage filmen om Sleeping Beauty (Tornerose), og Walt Disney meinte dette var som skapt for Ed Aardal. Disney ringde personleg til Ed for å få han tilbake, men Ed Aardal takka nei, og kunne fortelje Disney at han faktisk hadde fått seg ny jobb, hjå eit anna selskap.

Flintstone

Dei neste åra jobba Ed for fleire filmselskap i Hollywood, og til slutt hamna han hjå Hanna-Barbera selskapet, der han var med å lage Familien Flintstone, Yogi Bear og mange andre kjende figurar. Han pensjonerte seg i 1979 etter ei lang karriere, først og fremst som animatør, men på slutten var han og med på å lære opp nye talent innan teiknefilm-industrien.

Sjølv om Ed Aardal var fødd i Amerika gløymde han ikkje røtene sine. To gonger reiste han frå USA til Jølster på besøk. Første gongen var i 1966, då saman med kona si Jo og to vener frå USA.

Tidleg på 80-talet kom han til Jølster med dei to sønene sine og broren Lawrence. Begge gongane budde dei i Samueltnet. Siste gongen han vitja Jølster var Martin Helgheim sjåfør på turar rundt om kring i nærområdet.

Teikna slekta

Ed Aardal døydde i Los Angeles i 1988. Der han hadde sett bu i 1935 etter å ha fått jobb hjå Walt Disney. Her budde han saman med kona Jo og dei to sønene Gary og John.

Sjølv om Ed har teikna tusenvis av teikningar av dei mest kjende figurane til Walt Disney og andre, er desse underlagt strenge klausular når det gjeld opphavsrett... Han kunne ikkje strø om seg med teikningar av Donald Duck til familie og vener, men då han var i Jølster teikna han portrett av



Sjølvportrett. – Dette sjølvportrettet teikna Ed Aardal i tida då han studerte i Seattle, ca 1930. På denne tida jobba han som avisteiknar i tillegg til studiar. Teikninga er sendt heim til Noreg og Samueltnet.

mange av slektningane sine i Årdalen. Desse er nok å finne på stoveveggar rundt omkring.

I USA er der ei samling av Ed Aardal sine arbeid av ukjend storleik og innhald. Denne er i familien sitt eige. Etter å ha søkt på internett har der og vorte oppdaga teikningar og bilete frå Ed Aardal si hand, som har vorte selde på diverse auksjonar.

Slektstreff

Ed Aardal hadde eit stort talent for teikning. Han har sett spor etter seg i teiknefilmindustrien, der han nytta talentet sitt til å gje liv til figurar som har vorte verdskjende.

Dei to brørne som utvandra frå Samueltnet til Amerika for over 100 år sidan, har og sett spor etter seg. I 2015 reiste nokre av dei som ættar frå Samueltnet over til Amerika og møtte etterkomarane etter Sivert og Sigurd til eit slektstreff ved Hood Canal i Washington State. Det viste seg at det har vorte ein stor koloni med Årdølingar «over there».

Takk til Hjördis Årdal og Theresa Marie Årdal Connor for opplysningar og lån av bilete.



8

Bak frå venstre: Ed Aardal, Martin Helgheim, Sigrun Rødal, Gary Aardal, Olina Årdal med Jon Arild Årdal på armen. Framme: John Aardal og Maj Helen Rødal, Dei er på utflukt med Martin Helgheim som privatsjåfør i 1982 Privat familiefoto



Slektstreff i USA i 2015. Etterkomarar etter brørne Sivert og Sigurd frå Samueltunet i Årdalen. Ikkje så reint få med jølstrablod i årane var samla ved breidda av Hood Canal, Washington State.

Sommaren i år var den 7. våtaste i manns minne!

Tekst: Einar Gautefall Foto: Hallstein Dvergsdal



Einar Gautefall har styrt med målestasjonen på Skei i mange år. Her sjekkar han nedbøren på årets første dag i år.

«Årets sommer knuser alle rekorder». «Tidenes varmeste og tørreste sommer»

Dette var avisoverskrifter vi stadig kunne lese i pressa medan varmen stod på og mange bønder lengta etter nedbør. Men kva er sanninga om nedbørmengda som har falle i Jølster?

Så seier statistikken

VG presenterte ein statistikk i juli der dei mellom anna viste desse tala for nedbøren på Vestlandet:

Hordaland:

Er ein del tørrare enn i 1947, 40-60 prosent av normalen.

Sogn og Fjordane:

Er tørrare enn i 1947, 50-90 prosent av normalen.

Møre og Romsdal:

Er mykje tørrare enn i 1947, 30-50 prosent av normalen.

Men har sommaren vore spesielt tørr her på våre kantar? Eg har sett på tala frå statistikken tilbake til 1970, og ved første augekast er det ikkje rekordar å sjå. Den einaste topp-tre rekorden ein finn for månadsnedbør er dersom ein summerer 1. februar - 31.mai. Då vil 2018 vere den 3. tørraste med berre 1977 og 78 som endå tørrare.

Det som derimot er svært overraskande er nedbørsummane for sommarmånadane, juni, juli og august. Denne statistikken viser at 2018 den 7. våtaste vi har hatt sidan målingane starta her på Skei i 1970. Vi ser altså at det kom 414 mm i sommarmånadane.

Straffa kom

Men dette er dårleg trøst for bøndene i Førås og elles i Jølster som har tørkeutsette bøyar. Som kjent kan statistikk misbrukast, og overskrifta på denne artikkelen skjuler ei viktig sanning. Dersom vi summerer 30-dagersperiodar, ser vi at det kom under ein mm mellom 17.mai og 17.juni. Vi

År	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Året	Sommar
1974	160	123	6	22	52	89	224	188	233	53	99	325	1572	500
2011	246	179	349	168	137	192	153	145	257	350	255	309	2738	489
2001	22	143	38	82	20	86	161	209	78	224	306	116	1485	456
1981	302	222	61	93	39	127	92	228	136	124	267	56	1745	447
2003	289	29	64	30	145	109	75	247	309	157	63	395	1911	431
1994	262	7	288	113	29	248	99	83	123	196	267	271	1985	430
2018	139	28	58	75	38	101	48	265					751	414
1985	55	112	106	74	26	76	116	218	298	285	110	204	1681	410
2017	267	105	160	195	83	119	159	128	76	312	337	362	2304	407

Nedbørsummane for sommarmånadane, juni, juli og august viser at 2018 var den 7. våtaste vi har hatt sidan målingane starta på Skei i 1970.

Start dato for 30-dagars-perioden	Tørraste 30-dagarsperiode
21.04.1974	0,3
12.05.2018	0,6
13.05.2018	0,6
14.05.2018	0,6
15.05.2018	0,6
16.05.2018	0,7
16.04.1974	1,0

10 Berre 1974 hadde ei tørrare 30-dagarsperiode enn vi hadde frå midten av mai i år.

må heilt attende til 1974 for å finne ein like lang tørkeperiode.

Når vi i tillegg til høg temperatur ikkje får nedbør i starten på vekstsesongen, er det nok ikkje rart at 1. slåtten vart dårleg trass i at sommaren i år var den 7. våtaste i manns minne.



Statistikk kan vere så mangt og Einar Gautefall har brukt statistikk for å fastslå at sommaren i år er den sjuande våtaste sidan målingane på Skei starta i 1970.

I haust har vi derimot fått straff for finveret. Rekordnedbør både i august og september, og over 1200 mm for august, september og oktober, og knapt 10 dagar utan regn på tre månader. Så «det jåmnar ut sig» som svenskane seier.

Stubbar frå eldre tider i Jølster

Varsel om død

Eg hadde han Ludvik Bakkeslåtta på leige med megla opp steingarden her nedani tunet. Eg hadde vore hjå honom å hjelpt han. Ein kveld skulde eg gå burt på Vassenden. Det var kolande myrkt, eg møddest med vegen, endå eg var godt kjend med han. Vegen gjekk tett langs med stoveglaset deira på Søre-Vassenden. Det var myrkt i glasi, so dei var lagde. Då ser eg ein skapnad, likt eit menneske som kjem mot meg. Men eg hørde ikkje at det steig på vegen. Han snudde seg ikkje, men gjekk attlyver, gjekk baklengs. Så kvarv han. Nokre karar frå Gjesdalen var på Vassenden. Eg vilde ikkje gå i lag med dei, eg ville sjå om skapnaden synt seg no au. Men eg såg ikkje noko av han på heimvegen.

Ludvik Bakkeslåtten kom ikkje på arbeid dagen etter. Eg gjekk på Vassenden fyre middag, og då møtte eg Bakkeslåtten.

«Du kom ikkje på arbeid i dag?», sa eg med han.

«Nei eg har fått anna å gjere i dag», sa han.

«Han far er død»

Det kunne vorte bok om krigsinnsats

Av Hallstein Dvergsdal

Tidlegare lensmannsbetjent, og ein periode også lensmann, Jostein Fløtre, hadde i si tid planar om eit interessant lokalhistorieprosjekt. Det handla om krigshistoria.

Han ville nemleg samle mest mogeleg om jølstringar sin krigsinnsats i 1940 mellom to permar. For å få til dette, kontakta han dei som vart mobiliserte 9. april 1940, med oppfordring om å fortelje historiene sine.

Interessa var tilsynelatande stor

Det var i 1989 at Jostein Fløtre tok til å sysle med tankar om eit bokmanus. Han kontakta fleire av dei som hadde

vore med i kampane i 1940, og alle signaliserte at dei ville fortelje historiene sine, men det vart med tanken. Berre ein av alle som vart spurde, nemleg Magnus O. Årdal, leverte historia si, og i mai 1994 måtte Jostein Fløtre innsjå at bokprosjektet ikkje vart noko av.

– Du var ein av dei få som reagerte fort på oppmodinga. Eg syns det var leitt at det ikkje skulle verte noko av opplegget mitt, men det er ikkje råd med det. Det er snart 5 år sidan eg kom på denne tanken om å samle stoff frå krigen i bokhefte, slik at våre komande generasjonar kunne ha samling for ettertida, skriv ein skuffa Fløtre til Magnus O. Årdal. Begge døydde ikkje så lenge etter, Magnus i 1996 og Jostein i 1997.

Magnus O. Årdal fortel om det han opplevde aprildagane i 1940

11

Reinskrive etter handskrive manus av son til Magnus, Hallstein Årdal

Då eg kom heim att 8.april 1940, slo eg på radioen, og fekk høyre at eit tysk skip hadde forlist utanfor Haugesund og at tyske soldatar var komne inn til byen. Dei hadde også funne hestekadaver i sjøen. Eg var då sikker på at dette var skip som skulle til Noreg. Om morgonen fekk eg høyre at tyske soldatar var komne inn til dei fleste byar langs kysten.

Eg var då klar over at det vart mobilisering og at eg måtte reise same dagen. Eg tok meg ein tur fram til Hegrenes, og der trefte eg Erik Valaker. Han sa at eg måtte reise og at det gjekk ein bil frå Breim kl.9 om kvelden. Bussen var då gått.

Til Voss

Eg reiste heim att og pakka og møtte opp ved bakkenaustet. Konsulent Sårheim, som eg arbeidde hos, fylgde meg ned til vegen. Bilen kom nokolunde som avtalt, og vi reiste nedover til Førde. Der overnatta vi hos bokhandlar Huus.

Om morgonen reiste vi vidare med bussen til Nordeide, der vi gjekk om bord til ein av fylkesbåtane. Vel om bord blei vi straks kommandert under dekk. Dette for at tyske fly ikkje skulle sjå oss. Vi skulle til Lærdal. Då vi var fram-

me, fekk vi bil til Stalheimskleivane, der vi måtte gå opp til Stalheim Hotell. Frå Stalheim fekk vi sitje på med ein lastebil til Voss.

Flyåtak

Vi kom til Voss i 4-5 tida om kvelden, og gjekk straks til depotet for å få utlevert utstyr. Då vi heldt på med dette, kom der eit tysk fly og krinsa rundt plassen. Det gjekk so lågt at vi kunne sjå føraren lute seg ut for å sjå ned. Kapteinen ropte «søk dekning», og vi sprang straks og stilte oss oppetter veggen på depotet. Dette tok seg opp att eit par gonger. Den tredje gongen ropte kapteinen at vi skulle springe inn i depotet og få fatt i gevær. Dette blei gjort, og alle fór ut att med kvar sitt gevær og ein pakke med ammunisjon. Då flyet kom igjen i lav høgde, skaut alle mann på det. Straks etter kom det røyk ifrå det, og det tok til å dale ned mot Vangsvatnet.

Etter dette tok vi til å få ut kanoner og fekk dei opp i skogen ovanfor. Der oppe i skogen skulle vi også ligge i telt, og gjekk i gang med å hogge granbar som vi skulle ligge på. Om morgonen var det snøslette og dårleg sikt, vi høyrde berre flydur. Somme soldatar sat og slipte bajonettane sine. Vi fekk ordre om å køyre bortetter vegen, og ingen visste kor vi skulle. Då vi kom bort til gamleheimen,

fekk vi ordre om å stoppe, og fekk då beskjed om at her skulle vi vere inntil vidare.

Austover

Vi fordreiv dagane med å ha sand opp i sekkar, og la dei opp for glasa i kjellaren. Eg var med i Sambandstroppen, og vi var soleis ute i marka på øving. Vi øvde på kor fort vi kunne sette opp ei radioantenne og ta den ned att.

Ein dag vi heldt på med dette, fekk vi ei melding: bryt stasjonen og kom tilbake så fort de kan. Då vi kom inn att i leiren, fekk vi beskjed om å pakke so fort vi kunne, for vi skulle reise med toget austover.

Vi hadde hestar og vogner til å køyre utstyret med, og sidan eg var frå gard, skulle eg køyre. Dei eg hadde med meg på lasset, var frå Bergen. Då vi kom til stasjonen, skulle vi ha hestane om bord i vognene, og det skulle vere vakt på kvar vogn. Eg og ein annan fekk vakt på ei slik. Vi sat på ein høysekk bak hestane heile natta. Det var trekkfullt og kaldt. Vi kom fram til Gol om morgonen, og sjefen sa at vi hadde sikkert ikkje hatt det so godt på turen.

Over fjellet til Valdres

Alle lurte på kvar vi skulle, og etter kvart fekk vi greie på at vi skulle fram til fronten. Då var det mange som tykte det var bort i staur og vegger at vi skulle fram og kjempe mot tyskarane når vi hadde so dårleg utrusting.

Vi tok til å køyre over fjellet, og det var stadig tyske fly over oss. Hadde dei gått til angrep, var det ingen sjanse for oss.

Om kvelden kom vi fram til Sanderstølen Hotel. Grepstad, som var kompanisjef, ringde til øvste sjef på Fagernes og spurde om vi kunne få overnatte på hotellet. Soldatane var trøytt, sa han. Dette fekk vi lov til. Dette var fyrste gongen sidan vi reiste heimanfrå at vi fekk barbere oss og vaske oss. Vi låg godt den natta. Om morgonen trefte eg to soldatar som fortalte at tyskarane hadde vore heilt opp til Leira og kapp telefonen.


Kampar

Vi skulle til Fagernes den dagen, og kom der om kvelden og overnatta der. Neste morgon vart vi sende tilbake til Leira. Over ei bru og bort om vatnet, der skulle vi slå leir. Vi vart innkvartert i eit lite hus og skulle ligge på golvet. Kl.7.00 kvar morgon kom det tyske fly over oss og skaut med maskingevær. Vi sprang alltid opp i skogen og gjekk rundt steinar etter som flya kom. Ettersom vi var i sambandstroppen, skulle vi ha samband med fronten på Tonsåsen og oberst Østby, han låg ikkje langt ifrå oss.

Vi hadde to telt, eitt som vi låg i og eitt som vi brukte når vi hadde vakt. Ei natt eg hadde vakt byrja kanonane kl.3.00. Eg vart då oppkalla og sprang straks bort til det andre teltet og vekke telegrafisten som kom og tok imot meldinga som lydte slik: Skytinga er begynt, soldatane er trøytt og treng avløysing. Eg fekk lappen og gjekk bort til obersten med han. Han tok straks ut bilen og køyrde.

Bombing

Ein dag fekk eg og ein annan i oppdrag å vere med ein lastebil som skulle hente to soldatar som hadde rømt frå fronten.



Ungdomsbilete av Magnus O Årdal.

Vi spurde dei korleis det sto til framme ved frontlina. Dei sa då at det var full forvirring og at dei tyske soldatane kom igjennom skogen og skreik.

Dagane gjekk med til vakthald. Vi heldt oss orientert om korleis det gjekk framme ved fronten. Soleis fekk vi melding om seks soldatar som var drepne. Den eine av dei kjende eg, han heitte Bondevik og var frå Bergen.

Ein dag kom det ein formasjon på seks fly over Leira, vi sprang ned i kjellaren for å sjå gjennom glaset. Då såg vi at dei sleppte bomber over Leira sentrum og at heile Leira stod i brann. Vi for opp att på tunet, og der kom ordonansen med beskjed om at vi måtte komme oss over brua så fort som mogleg, for dei kom til å sprengje ho. Eg spurde Grepstad (sjefen) om eg kunne få køyre først og det fekk eg lov til. Då vi kom til sentrum, stod bygningane i brann på begge sider, og det kom mange lastebilar som skulle køyre vekk mjøl frå butikkane. Det var store krater i gatene, så hesten torde ikkje gå over, den stod på bakbeina. Då sprang dei som eg hadde med meg på lasset fram, tok han i bekslet og fekk han over.

Panikk

Eit stykke framover vart vi stoppa av ein vaktpost som spurde kva vi skulle, vi svara at vi skulle møte ein post ved skogen like utanfor, og fekk då køyre vidare. Vi nådde posten om etter ei stund, og han sa vi skulle spenne hesten frå vogna og binde han i skogen, og vidare søkje dekning så godt vi kunne, for flya kom sikkert tilbake. Det gjorde dei og dei kom i låg høgde og skaut med maskingevær.

Om ei tid var flya vekke, og vi kunne samlast ved vegen til vidare køyring. Då vi stod der og venta på ordre, kom det ein motorsykel med to soldatar. Dei roppte og skreik og vinka med hendene at vi måtte komme oss vekk, for det kom tyske tanks. Seinare fekk vi høyre at det var to som ville lage panikk. Då vi køyrde bortetter, fekk vi sjå at folk rømde frå husa sine og fór oppetter bøane. Det var gamle folk som dei måtte leie. Dei hadde sikkert høyrte at tyskarane hadde brote igjennom på Tonsåsen og at dei strøymde nedover mot Leira. Vi køyrde langt ut på kvelden før vi fekk ordre om å stoppe. Vi skulle overnatte i nokre gamle hus som stod tett attmed vegen, men før det skulle kapteinen halde tale. Han sa at tyskarane hadde teke ein annan veg, så no skulle vi framover og tyskarane tilbake. Om morgonen gjekk det ein straum av soldatar framover vegen heilt til middag. Vi var dei som vart nærmast tyskarane då. Det var mange av soldatane som var urolege og nervøse fordi vi ikkje kom av garde. Dei spurde kva vi skulle gjere viss tyskarane kom.

Sjukdom og kapitulasjon

Den dagen køyrde vi langt og kom til slutt fram til Vestre Slidre, der skulle vi slå leir på ein gard som låg litt høgt oppe.

Vi var her nokre dagar og høyrde skytinga kome nærmare og nærmare. Her var eit skar i fjellet som vi trudde tyskarane kunne komme gjennom, og overrumple oss. Difor vart vi sett ut i skogen om natta for å halde vakt. Ein dag vart eg sjuk, og Grepstad sa eg måtte gå til doktoren.

Han hadde kontoret eit stykke nedanfor. Då eg gjekk nedetter vegen, trefte eg ordonansen. Han sa at no er krigen slutt. Dette fortalte eg til doktoren, men han ville ikkje tru det.

Han sa at slikt måtte eg ikkje tru. Då han hadde undersøkt meg, sa han at eg hadde raude hundar og at det var smittsamt. Han meinte eg måtte innleggast på sjukehus. Dette hadde eg ikkje lyst til, han sa då at eg skulle spørje bonden om han hadde eit rom til meg, og om eg kunne få vere der til eg blei frisk. Bonden gjekk med på dette, og om morgonen kom legen opp og besøkte meg.

No var krigen slutt, og soldatane sat oppe heile natta og song fedrelandssongar. Dagen etter skulle alle soldatane møte på Fagernes for å levere våpen og uniform. Før dei reiste kom dei inn til meg alle saman, tok meg i handa og ynskte meg god betring. Bonden på garden var nervøs for uniforma mi, men fann til slutt på at han skulle ha henne ned i ei tønne på låven og så ha halm over.

Dreng i Valdres

Ein dag reiste han ein tur inn til Fagernes, Då han kom

heim att, fortalde han at han hadde snakka med dei som var hjå han. Dei skulle til Hemsedal på snøsmoking, han skulle helse til meg.

Etter ei veke vart eg frisk att, og bonden sa eg skulle få arbeid hos han til eg kunne reise heim. Betalinga skulle eg få; det same som eg hadde hos Konsulent Sårheim. Det fyrste vi arbeidde med, var vårvinna. Vi starta kl.6 om morgonen og held på til kl.10 om kvelden. Det høyrst ut som det var lang dag, men vi sov to timar middag, elles hadde vi seks matpausar. Maten var god, for dei fekk ikkje levere mjølka, den laga dei til rømmask. Maten var elles steikt flesk, poteter, flatbrød og rømmask. Etter som vi vart ferdig med vårvinna, arbeidde vi i skogen. Slik heldt vi på ein månad, til Hitler gav melding om at alle soldatar skulle få reise heim att, mot å skrive under på at dei ikkje skulle føre krig mot tyskarane meir.

Eg var ikkje sein med å reise, og kom heim att 3.juni, den siste av dei som reiste.

Stubbar frå eldre tider i Jølster

Huldrekjyr

Han Helgje Berja for in på støylen ein dage da lei långt fram på hausten. Då såg han nokre raua kjyr so gjekk øva-i Brei-myrane. Han ondra seg på ken da va so hadde kjenne sine gåande i markjinne so sænt om hausten. Ska tru da va Ångedalskjyr?

Nokre veke seinare va han ne i Botna. Då spure han dei om dei hadde hatt kjyr i markjinne den veka han va in på støylen. Nei, da hadde dei ikkje hatt, å ikkje visste dei om nokon dar nee so hadde hatt kjyr i markjinne på den tiene. Då sky-na han Helgje at da va kjyr so dei underjordiske åtte, han hadde sett øva-i Breimyra.

13



Ein sikker vinnar

Av Jan Asle Bolset



Kåring av vêrlam er ingen spøk. Her frå eit kåringssjå i Førde i fjor. Nervane ligg utanpå kjeledressen rett før dommen kjem.

14

Det var laurdag og kåringssjå i Årdalen. Vêret var fint, ein haustdag av dei sjeldne. Austavinden bles sin milde bris og friserte smalen so flott at ein skulle tru dei hadde vore på Kløppekråna heile gjengen.

Eg sto i smalestekken og skulle velje ut årets kandidatar. Det var mange flotte lam, men ingen som merkte seg ut som basvêr. Då brått fekk eg auge på han. Heilt bak med veggen sto han. Eit vêrlam so prektig hadde eg aldri sett før.

Som ei låvedør

Dyret var sikkert sine 70 kilo. Brei som ei låvedør heilt ifrå nakken og bak på krysset. Beina var så korrekte som dei kunne bli. Sikkert tiarbein tenkte eg. Eg fekk ta ein kikk på ulla. Ho var lang og stapla seg heilt perfekt. Når eg stakk handa ned i ullfellen var det som å ta i silke. Siste hinder var pungen. Kunne ikkje reise i Årdalen dersom ikkje utstyret var i orden. Eg stakk handa under veren og kjende. Jau då, to harde passelege steinar. Alt i orden.

Kvitesløyfa var så godt som sikra

Eg retta meg opp. No skulle pinadø Årdølingane få sjå. Eg hadde ein sikker vinnar på handa. Eg bladde i papira. Såg på øyremerkje til vêren, nettopp ja. Under beste sauene med den høgste indeksen. Eit simpelam og eit vêrlam hadde ho.

Eg såg på klokka. Pokker og, var ho so mykje? Eg laut skunde meg og rygga hengaren bak og treiv dei eg hadde plukka ut. Så måtte eg inn å byte klede, eg måtte ha på meg noko skapleg når eg skulle ta imot kvitesløyfa. Så bar det i Årdalen.

Hastverk er lastverk

Då eg kom fram lei sjået mot slutten. Eg rygga bak og fann meg ein ledig stekke. Dommarane dreiv visst på med siste flokken. Der heiv dei ein på dårlege bein, veldig strenge i år, verka det som. Så va det min tur. Eg gav ifrå meg papira og venta på at dommarane skulle begynne. Først gjekk dei runden og kjende på utstyret på alle saman. Det hadde eg gjort heime før eg for så eg tok det roleg. Det hadde samla seg mykje folk rundt stekken og kommentarane sat laust. Berre vent, tenkte eg, no skal de snart få sjå. Då tok brått folk til å skratte. Kva er det no som skjer? undra eg. Dommarane sto tvikrokete og lo så tårene trilla.

Stasvêren min var snudd på baken, og der pungen skulle vere var der berre to spenar. Eg hadde hatt det for travelt. I hurten og sturten hadde eg teke simpelammet i staden for vêren.

Slik gjekk det til at eg for heim frå Årdalen i skjemsle. I fjøsen heime sto ein sikker vinnar.

Nytt frå Jølster Mållag

Av Ingrid Søyland, leiar i Jølster mållag

I 2008-utgåva av Jølst skreiv Hallstein Dvergsdal: «Dette nummeret av Jølst er det 25. i rekkja. Ei ubrota rekkje sidan første nummeret kom ut i 1984». Han fortel vidare at pionerane sette i verk eit dristig eksperiment.

Første nummeret gjekk med underskot, noko som ikkje hindra dei i å halde fram. No, i 2018, er bladet framleis høgst levande, og vi presenterer Jølst nummer 33. Bladet kom ikkje ut i 2014 og 2015. Vi er heilt avhengige av ei aktiv, engasjert og driftig redaksjonsnemnd for å få bladet ut kvart år, og er såleis svært takksame for arbeidet nemnda gjer.

Drygt landsmøte

I år var det landsmøte i Noregs Mållag i Vinje i Telemark. Frå Jølster Mållag reiste leiar og nestleiar, og redaktøren for Jølst representerte fylkeslaget. Det var ein engasjert møte-lyd og mange som ville ha ordet – såpass mange at møtet drog kraftig ut siste dagen. Naturleg nok var det saka om arbeidsprogram 2018-2022 som skapte det store engasjementet.

Det som slo oss frå Sogn og Fjordane, var kor få utsendingar vi hadde og kor mange som møtte frå andre fylke. Frå nynorskfylket stilte folk frå Jostedal attåt oss frå Jølster, mens t.d. Hordaland hadde utsendingar frå mange lokallag. Det seier noko om kor trygge vi kjenner oss på at nynorsken står sterkt i fylket vårt. Vi skal likevel ikkje ha dette som sovepute. Bokmål og engelsk snik seg inn over alt. Snart er vi ein del av Vestland fylke saman med Hordaland. Vi ser korleis målfolk der reiser seg til kamp for nynorsk på ulike plattformer, og vi må bu oss på å vere gode partnarar, og hjelpe og støtte kvarandre.

Dårleg namneval

Apropos Vestland fylke og Sunnfjord kommune, så er vi



Maria Parr møtte små og store på Jølstramuseet i tillegg til besøk på skulane. Foto: Hallstein Dvergsdal



Landsmøtet i Noregs Mållag samla mykje engasjerte menneske og det vart eit langt møte. Kunnskapsminister Jan Tore Sanner var mellom dei mange gjestene på landsmøtet. Foto: Hallstein Dvergsdal

mange som seier oss leie for desse namnevala. Vedtaka vart gjort mot tilråding frå sakkynndige instanstar som Språkrådet. Vi veit så inderleg vel at Sunnfjord er mykje meir enn desse fire kommunane som no skal slå seg i hop. Det er historielaut å sitje att med slike namn, på same måte som at Hedmark og Oppland skal heite Innlandet. Resten av Noreg vert då Utlandet, eller...?

Maria Parr til Jølster

I samband med at Samlaget jubilerer i år, tilbød forlaget økonomisk støtte til dei laga som ville nytte seg av samlagsforfattarar i eit arrangement. Vi ønskte oss Maria Parr til mellomsteget på skulane i Jølster. Ho kom, og hadde lese- og forteljstund både på Skei og Vassenden skule, og eit ope kveldssete på Jølstramuseet med godt fram møte. Maria Parr er ein forfattar med beina godt planta på jorda og vestlandsk humor. Ungar og vaksne lyttar lenge og gjerne til henne.

Bokgåve

På skuleavslutninga i vår fekk alle avgangselevane i vidaregåande skular i Sunnfjord eit eksemplar av boka «Ete fysst», utgitt av Selja forlag. Forlaget tilbød mållaga ein rimeleg pris for bøkene, som vi så kjøpte og gav elevane. Bøkene vart godt mottekne, og for oss var det ei viktig markering av kva mållaga står for.

I år er 10.klasse ved Vassenden skule representert i Jølst med to tekstar. Det er imponerande kor gjennomtenkt og reflektert desse unge menneska skriv.

Gjennom dei nemnde aktivitetane har mållaget vore innom grunnskule og vidaregåande skule. Å gje nynorske bar-



Elevar frå Jølster og Gløppen under utdeling av bokgåve på Hafstad vidaregåande i Førde. F.v.: Daniel Ramsli, Veslemøy Øvrebø, Silje Hestad Navelsaker, Natalie Johnsen og Sara Opdal Bakkelid. Foto: Hallstein Dvergsdal

16

nebøker til barnehagane er også eit årleg mål. Det er viktig å gjere barn og unge bevisste på og stolte av eigen dialekt og nærleiken til nynorsk skriftspråk. Dette har mykje å seie for framtida til nynorsken.

Møte med publikum

På aurefesten hadde vi stand nær dei kjende jegertvilningane. Det gav oss idéen om å be folk om kraftuttrykk frå Jølster. Dette var kanskje eit dristig føretak; det kom ikkje inn så mange. Nemnast kan følgjande frå trauste jølstringar: «Nåke so in i heitaste hesteræva!!», «Øye løye», og «Jølstrakjø».

Vi hadde òg stand på Din Jølsterdag, der vi baud fram ymse mållagsmateriell, verva nye medlemmer og hadde hyggelege samtalar med folk som stakk innom standen. «Quiz» med gamle ord frå jølstramålet høyrer med, og her trekkjer vi vinnar blant dei som har flest rette svar.

T-skjorter

T-skjortene våre, påtrykt det lokale fyndordet «Da døje'kje uprøvd», er til sals. Vi nyttar dei også til premiar ved ulike høve.

Jølster Mållag har eiga Facebook-side!

Vi ønskjer oss fleire medlemmer! Massiv påverknad frå bokmål og engelsk gjer nynorsken og dialektane utsett. Vi treng ein aktiv og engasjert organisasjon. Send NYNORSK til tlf.2490, eller vend deg til nokon i styret: Maria Sture, Siw Falkenstein, Ola Kongsvik, Einar Gautefall, alle adr. Skei, eller Ingrid Søyland, Vassenden. De er hjarteleg velkomne på laget!



Jegertvillingane stilte velvillig opp på standen til Jølster mållag under aurefesten. Foto: Einar Gautefall



Ingrid Søyland er leiar i Jølster mållag og kan melde om eit aktivt år. Ho har her på seg T-skjorta som mållaget har til sals. Foto: Hallstein Dvergsdal

Zakarias Olsson Fossheim

Jølsters skarpe, heimelærde 1700-tals jurist

Av Kristian Fossheim

I Soga um Jølst av Albert Joleik, er den sjølvlærde juristen, bygdeprokuratoren som han omtala som Sakris Olsson Fossem, den person som får mest omtale. Joleik skreiv og ein interessant artikkel om han i Sunnfjordsoga frå 1959.

Der får vi vite kvifor denne mannen kvesste sin intellektuelle reiskap og vart ein framifrå sjølvlært jurist med operasjonsområde over Sunnfjord og Nordfjord og vidare. Diverre er Joleik si språkføring svært tung, nærast lydskrift. Så då eg tenkte å gje att Joleiks artikkel for trykking i Jølst, fann eg det best å modernisere språket i artikkelen for å lette lesinga, særleg for yngre slekter. Eit anna problem er den inkonsekvente skrivemåten av namnet. Ofte er Zakarias eller Zacharias blitt til Sakris, og Fossheim blir til både Fossem, Fosseim og Fossum. I overskrifta vel eg vanleg skrivemåte frå kyrkjebøkene, men i Joleik sin artikkel held eg meg til dei namneformer Joleik brukar. Her er ein noko omarbeidd versjon av Albert Joleik sin artikkel i Sunnfjordsoga:

I dansketida, og lenge etter 1814, var det mest ingen av bondestand som fekk akademisk eller anna høg opplæring eller ombod. Dei som fekk utdanning, var søner av kondisjonerte danskar eller nordmenn, eller byborgarar. Sameleis dei som vart offiserar -- men av dei var det ei tid mange tyskarar og andre utlendingar og, i den norsk-danske hæren. Ein sunnfjording eller annan bygdenordmann kunne verte korporal, jamvel sersjant, men ikkje høgre. --Løytnant Bringeland omkring 1770 er eit forunderleg unntak. Og den rike presten Anders Gryta i Holmedal omkring 1660, likeeins. -- Elles måtte ein bygdemann tykkjast vere høgt komen i kyrkja når han vart klokkar.

I juridiske yrke sameleis. Dei kunne verte lensmannen der var visst berre tre lensmenn i Sunnfjord før 1800 som var av kondisjonerte eller byfolk. Bydeguten kunne verte dreng hjå futen eller dommaren, knapt nokon vart skrivekar (sekretær), men ingen vart fut eller dommar, korkje i heimbygdene eller annan stad i Noreg eller Danmark.

På tinga var det jamt mange saker, for lovbrøt eller skuld, eller ymse slag tretter mellom bønder. Folk laut svare kvar for seg. Det var lenge etter 1700 før det kom bod om at kvar saksøkt mann skulle få forsvarar i retten. Og retten sette då ein mann til forsvarar. Vi får lese i tingbøkene kva dei hadde å seie- det var ikkje mykje verdt! Mest jamnt ber forsvararen retten take misgjerdar for uvetugskap, og døme syndaren som mildast. Ikkje eitt ord til skuldminking om at det var rimeleg eller naturleg at syndaren for slik åt.

Somme tider laut bøndene anke til høgre rett for urett åtferd av futane. Då laut dei føre saka sjølve, så godt dei fekk det til. Somme tider vart det sett strenge reglar, jamvel forbod med trugsmål om straff, mot kjærsmål frå bøndene eller andre klagestillarar i byane som skreiv klager for dei. Dei vart kalla vinkelskrivarar! I vanlege trettesaker mellom bygdafolk var det visst jamnt lovleg å få seg skrivarhjelp. Ei tid hadde jamvel dommaren skyldnad til å hjelpe folk med meldebrev til retten i Bergen. På 1700- talet vart det heilt vanleg yrkje for prokuratorar eller sakførarar i Bergen å ta saker for sunnfjordingar og andre. Og så kom endeleg den dag at bønder kunne få brev på å vere bygdeprokuratorar og greie saker på heimetinget. Eg har ikkje kome over kva reglar eller vilkår som mannen laut lyde for å vere bygdesakførar.

Med slik skipnad vart det både greiare og billigare for folk å få sakhjelp på tinget og i skifteretten og anna. På den tid var der ein bygdeprokurator i Nordfjord som fekk somme saker i Sunnfjord og.

I Sunnfjord finn vi jølstringen Sakris Fossem, ofte nemnd i tingbøkene i 1770- åra.

Fyrste gongen vi finn han nemnd i retten, er på ein heilt annan måte. Han hadde funne åt presten Hanning for noko. Men å laste ein prest, det var på lag som Kongen i vår grunnlov («må ikke lastes eller krænkes»); bortimot gudsbespottelse eller opprør. Han Sakris laut gje seg, og på jølstratinget 13. november 1761 vart det tinglese «Sacharias Fossums avbigt» («fyrebøn» til presten dagsett Førde 12. oktober). Sidan det berre var «avbigt» utan bøter eller straff, må vi helst tru at Sakris hadde rett når han brigsla (klandra) presten. Hadde Sakris sagt eller gjort noko rangt, hadde det visst vorte straff.

Det var vel så at det svei å få slikt opplese på tinget, og at han Sakris vart harm og hard, og tenkte med seg at slikt skulle ikkje hende meir. Vi ser ikkje mykje om han nemnt dei første åra etter, men han las i lovboka og andre juridiske bøker, tenkte og skreiv, og vart ein skarp heimelært jurist. Vi finn han fullt ferdig i Nordfjordtingbok s. 190 b, frå tinget i Eid og Hornaldalen (Hornindal) 7. juni 1776. Der møtte, «efter amptmand Thejstes constitution af dato 31. august 1775, bøygde procutator Zacharias Olsson Fossem som fremleverede skriftlig forfattet stefning til sognepresten hr. Leganger,» som hadde teke frå klokkaren Olav Person Amdam i Selja innkoma av to jordpartar som låg til klokkaren i Selja. Sakris la fram skriv om saka og sitt eige innlegg. Presten Leganger møtte ikkje, og vart stemnd til hausttinget. Saka var avgjort i Eid 19. januar 1777. Sakris vann.

Dette var plasteret på «avbigt» som han laut gje presten Hanning i 1761.

At ein jølstrabonde vann ei sak mot ein rik prest i Nordfjord, måtte vere ei bisn for alle folk. Vi møter han att i Nordfjord-tingboka s. 313 a. i ei sak førd på åstaden Bolstad i Stryn 18. mai 1778. Han Sakris var sprek i sakførsla der og, han «indleverede- repliserede- protes-terede- lod tilføre- fremkalte-» visst alt på pur lovbok-dansk. Kanskje danska han når han tala i retten og.

Han vart kjend for sakførsla jamvel lenger borte. Han vann ei sak for ein mann i Kristiansand!

Meste sakførsla hans var no heime. På Jølst hadde han ærend på tinget for mange, som lagverje i skiftesaker, grensesaker, forsvarar i straffesaker og anna. I Askvoll og Dalsfjorden og Goldalen (Gaular) hadde han saksførsle for somme. I ugreie saker bruka han ofte den vanlege sakførarmåten å krevje «udsættelse».

Noko ugreit når ein skal granske mannen er at på Fossem i 1780- åra var to Sakrisar. I 1790 var det skifte

på Fossem etter «Zacharias Ols. Fossem den yngre gemeenligt kaldet», gift med Kristi Toredotter, med borna Olav og Arne. Men karen som her er skreve om var «Procurator Zacharias Olsen Fossem» som skøyte jorda 6. oktober 1778 til sonen Danel. Han Sakris døydde visst i 1790, for då var det skifte til enkja og borna.

Det er sjølvsgat at han Sakris laut tene på saksførsla- elles kunne han ikkje bruke tid og tankar og ferdakostnad vide omkring. Det hender at vi får vite noko om dette slik: I eit skifte i 1770 etter Brite Mosesdotter Såreim vart det avrekna til Sakris Olavson Fossem to dalar «for Procuratorløøn for et par Sager han har ført», to dalar, om lag 1/3 kuverde då.

Det gjekk visst meir enn 100 år før nokon annan bondeson i Sunnfjord vart cand. jur. og sakfører.



sparebanken
sogn og fjordane

Den korte vegen til full kontroll

Har du barn mellom 8 og 12 år?

No kan barnet få bankkort og eigen mobilbank - noko som gir full kontroll på pengebruk både for deg og barnet ditt.

ssf.no/8-12

Stubbar frå eldre tider i Jølster

Kyrne vart gjorde åt

Kyrne deira på Hamrå kom kvar kveld heile sumaren. Det var so visst. Men kyrne deira i Larstuna kom ikkje. Dei drog inn til inste Gjesdalsvatnet inn til Sandalsskaret. Så måtte støylsgjenta gå den lange vegen kvar kveld etter kyrne. Uppi Sandala var det ein mann som kunne gjere åt for slikt. Dei sende bod til han at han måtte kom fram på Gjesdalsstøylen. Han spurde kven han skulle setje det på, den ufysna som kyrne hadde. Skulde han setje det på skogen eller ein annan buskap? Nei, på skogen måtte han ikkje setje det. Han fekk setje det på Hamrå-kyrne, sa dei, dei som kom så tidleg.

Han Lars heldt seg i floren og på florslemmen den natti. Frå den dagen kom ikkje Hamrå-kyrne. Dei gjekk langt vekk, heilt til Finneskotet og la seg til der.

Denne uhæma hadde Hamrå-kyrne heilt til han Kristen fekk ei kvit kyr i Sårheimsbakkja, med konene. Den kyra var så svær å koma, og so fylgde dei andre etter. Det var han sakres på Røysene i Sandalen som gjorde åt. Han for rundt og tok blod au.

I Astrup sitt rike

Sommarminne frå Dvergsdalen

Tekst og foto: Bjørn Helge Nygård

Om somrane var det stor stas for oss på Møre å kome til besteforeldra i Dvergsdalen i Jølster på ferieopphald. Bestefar Johs. Sam. var frå Helgheim og hadde gått på lærarskulen i Volda, der han trefte Astrid frå garden Klepp. Dei bygde seg etterkvart hus i Dvergsdalen, og fekk seg ein staseleg heim der. Begge stod høgt i kurs hos oss barnebarna, med Johs. Sam. som skulemeister og Astrid som opparbeidde den flottaste hagen vi hadde sett. Ho var også levande oppteken av samfunnsdebatt og lyrikk og poesi, og kunne sitere mange vers for oss små.

Det var stor stas å kunne få sitje på med den nye Ford Cortinaen på handletur til Førde. Då var det mellom anna å få smake på rømmekolla på Mjølkebaren med rikeleg med sukker på og flatbrød attåt. Så skulle vi innom Domus, og bestemor skulle ein tur på Sparkjøp for å sjå på ny sommarkjole.

Blåkløkker

I Førde var elles Bruland lågpris, og der måtte vi også innom. Mellom anna hugsar eg enno godt dei store glasa med den nydeleg gode kirsebærsylta, som var ei kjærkoma avveksling til all heimelaga sylte av stikkelsbær, solbær eller rips.

På veg heim frå Førde gav bestemor myndig beskjed om at bilen måtte stanse, kan hende var det på Sandalsstrand, der det vaks så staselege blåkløkker i vegkanten. Det vart den finaste bukett med sommarblomstrar vi hadde sett, og den vart plassert i bestestova når vi kom heim. Det kunne elles hende vi var innom Hylderåsen og kjøpte nokre



Huset til Johannes og Astrid i Dvergsdalen, barndommens grønne dal



Johannes og Astrid fotograferte på gullbryllaupsdagen.

flasker brus, som smakte godt på fine solskinsdagar. (Som om været var finare i gamle dagar).

Tur til handelsmannen

Elles vart det mange turar til handelsmannen på Runnane. Dit sykla vi ofte, før bilen kom, og kjøpmannen stod bak disken og fann fram for oss det vi hadde fått oppskrive på handlappen. Så var det ein triveleg prat om både eitt og hit, og vi borna gledde oss nok mest til å få ein is eller andre godsaker. Når vi skulle til handelsmannen på Runnane på Myklebust, var det alltid spennande å måtte køyre forbi den store og stygge urda etter steinraset frå fjellet Orkja, og vi kunne framleis sjå såret i fjellsida der raset hadde gått. Det var sagt at «Orkja skal brotne, og mangt skal flotne, Sandneset og meire til skal forgå, men Huus og Helgheim skal bestå».

Astrup

Vi borna fekk tidleg kjennskap til Nikolai Astrup sin kunst, og vi formeleg saug i oss den trolske mystikken i dei flotte Astrup-bileta. I mange stover hang mellom anna «Kollen», og på veggane kunne vi elles sjå «Jonsokbål» og ulike utgaver av kvernhus og sætrestølar. Det var elles obligatorisk med ein tur til Astruptunet, og der fekk vi inn i blodet den mektige atmosfæren kring Astrup og kunst og kultur. Det vart også sagt at bestefar skulle ha sykla til Astruptunet og at han hadde treft Astrup der. Etter kvart som vi vaks til, lurte vi også på om bestefar hadde fått smake på den vidgjetne rabarbravinen som kunstnaren laga.



Gullbryllaupsfeiring med nevø Jørgen Helgheim som spelemann

Var redde for ras

Når gamle minne leikar i hugen, vert dei ofte prega av mykje solskin. Slik også med dei mange turane oppi Dvergdsdalen på godvêrsdagar. Då reiste ein opp til stølen, og hadde med mykje god nistemmat og kaffimat. Det var også stor stas når ein kunne finne litt solmodne molter, slik at ein kunne få lage litt etterlengta moltekrem når ein kom heim. Molte fann vi elles litt både på Orkja, og på Nova. Det var eit veldig utsyn over Jølster, syntest vi borna, når vi kom oppå Nova - eller Hamnanova, som kanskje dei lokalkjende kalla det.

Astrid og Johs. Sam. budde oppunder Nova, og det var ikkje fritt føre at vi borna var litt redde for den svarte og flogbratte fjellsida, men bestefar prøvde å trøyste oss med at han hadde planta tre rognetre, og dei skulle ta av for den verste støyten viss steinraset skulle kome mot huset. Det hende enkelte somrar at det buldra litt lenger ute, og nokre steinar kom deisande ned, og dette heldt ved like frykta for at det store raset ein gong kunne kome.

Bestefar hadde elles mange vêrmerke og utsegner om eitt og hit, og var det mykje rognebær, så minte bestefar oss om at rognen ikkje ber to tyngder, så då vart det lite snø. Elles vart borken av rognen flekt eller skava av, og dette var som medisn for sauene, og dei var også svært glade i tørka lauvkjerr som avveksling i føret.

Pelsdyr og aurefiske

Besteforeldra våre hadde fått laga seg eit lite småbruk i Dvergdsdalen, slik brukvisen var. Når vi hadde kome til, var det berre sauehald att, men tidlegare hadde dei fleste både kyr og gris. Vi syntest besteforeldra våre måtte ha vore svært

driftige, for dei dreiv også med litt reveoppdrett, og selde skinn til Rieber i Bergen. Dei fekk så god pris for dei flotte skinna at lånet på det staselege huset i sveitserstil, som vart bygt på slutten av 1920-talet, vart fort nedbetalt. I tillegg dreiv bestefar med ørretfiske med makkeline, og den lina kalla han stegle. For oss borna var det eit merkeleg syn når vi fekk auge på den store tretønna i kjellaren, og vi fekk erfare at denne tønna var stappfull av makk som skulle verte til agn på lina. Skulemeisteren betalte, vart det sagt, eitt øre for makken til skuleborna, som var ivrige makkeplukkarar når dei pløgde åkrane og markene om våren. Om sommaren var det for besteforeldra å drive på med slåtten om dagen, og då skulle graset oppi hesjane for å verte til turrhøy. Om kvelden var det å ro ut for å setje stegle eller line, og tidleg neste morgon skulle lina dragast. Så var det for gutane i familien å ro fangsten av Jølstrarørret (eller «kjø» som dei lokale sa), over fjorden til Huus, og der hadde dei liggande ein sykkel i fjøra. Så var det å sykle fangsten til han Nils på Langeneset på Helgheim. Dette var bror til Johs. Sam., som hadde eit ishus /ein jordkjellar med is for å kunne ta vare på fisken, før han vart sendt til hotell og oppkjøparar andre stadar.

Tørrhøy

Det er også mange gode minne frå tørrhøytaking. Det var eit brattlendt bruk, og dette var før traktoren var vanleg. Vi fekk bere tørrhøyet i hus med børatog. Dette var eit tjukt hampetau som vi plasserte på marka, og i enden av tauet var det ein eineklave (Hogda). Så plasserte vi så mykje høy som vi fekk plass til over det doble tauet, og deretter vart det å tre enden gjennom eineklaven og stramme til rundt



Fjøsene der sauene var og i framgrunnen den store steinen som vart brukt til å klatre på.

høybøra. Deretter var det, kanskje med litt hjelp, å få høybøra opp på ryggen, og så barst det unnabakke mot løa. Det såg ut som ei stor høysåte med føter på, som fór nedetter bakkane. Så var det oppetter løebrua, og endeleg kom turrhyet på plass i høystålet.

Eg minnest ein sommar då vi hadde teke turrhøy, og etterpå vitta vi ned strengen frå alle hesjane. Då fekk vi 30 kroner kvar, og for dei pengane kjøpte eg ein voven «Jølstra-løpar» på Audhild Vikens vevstove.

Karane sveitta godt slike dagar, og dei brukte å knyte den kvite lommeduken på hovudet, slik at ikkje sveitten skulle renne nedi augo. Kanskje var det svalande også. Etterpå kunne det ofte vere at ein tok turen ned til naustet, og fekk avkjølt seg i Jølstravatnet og vaska av seg sveitte og all høydumbe.

Fryseri

Elles kunne det vere turre somrar med lite vatn. Då var det å søkje etter ei ny vassåre med søkjepinne. Denne synest eg å hugse var av rogn, og ein heldt i dei to greinene som enda lenger framme i ein spiss. Det var tydeleg at spissen drog seg ned mot marka når ein kom over ei vassåre, og det var tydelegvis sterke krefter i sving.

Mjølkespanna brukte å stå til kjøling uti bekken, og det var derfor viktig å sikre nok tilsig av vatn på dei heite somardagane.

Hos besteforeldra i Dvergsdalen var det alltid triveleg å vere, og særleg på fredagskveld, eller om det kunne vere laurdagskveld, kom mange og skulle ta ut kjøt frå fryseriet til søndagsmiddag. Bygdas fryseri var nemleg i kjellaren til besteforeldra våre, og då vanka det både titt og ofte ein prat, når folk kom innom for å legge varer inn på fryseriet, eller ta ut varer for tining.

Oterfiske

Eg har også gode minne frå dei lyse sommarnettene når vi var ute og fiska med oter. Vi fiska med to otrar med svært mange fluger på kvar oter, og i dei dagar beit fisken godt, og vi kunne kome heim att langt utpå natt med to fulle bøtter

med «Jølstra-kjø». Ei såkalla morkakjø var rundt 250 gram, og det var fin fisk når det gjekk berre fire fiskar på kiloen. Dagen etter var det bestemor som steikte fersk ørret med salt og mjøl og litt løk i buken, og med gode poteter og litt rjome, så vart dette eit herremåltid.

Bestemor kunne elles steikje potetkake av potetene vi løyvde til middag, og då var det ferske potetkaker med brunost eller sirup til kaffi. Når vêret var fint, var det ofte at vi sat ute i lysthuset med dessert og kaffi. Då var det som oftast sviskegraut eller hermetisk frukt med krem, og vi sat då attmed det runde skiferbordet på steinbenkar, omgitt av høge hekkbusker. Vi borna kunne då gjerne får ananasbrus eller fruktchampagne, og det syntest vi var gode greier.

Sild og flesk

Bestefar sat ofte ved kjøkkenvindauget og såg filosoferande utover Jølstravatnet, om han då ikkje las i Firda og tok seg ein blås, eller åt på kaffisukker som han hadde duppa i kaffi. Det var forresten borna si oppgåve å få male kaffi med handkverna. Stundom måtte bestefar ha seg litt spekeflesk, noko han var svært glad i, og det flesket måtte skjerast med hans spesielle, svært skarpe kniv med kvitt skaft. Eller kanskje åt han av den silda som ofte hang til tørk på utsida av løa under taket. Etter ei middagskvild måtte bestemor uti blomsterbede sine. Der var utruleg mange fine planter og blomar, og ho var ein svært flink gartner, som stelte i hagen med kjærleg hand, og truleg betydde den flotte hagen mykje for bestemor.

Den flotte sveitservillaen i Dvergsdalen representerte sjølvaste kulturen for oss borna. Bestefar var for oss «skulemeisteren», og når vi såg kladden til mellom anna dei mange 17.mai-talane med den sirlege handskrifta, så kom det ein dâm av noko høgtsevande og kulturelt over oss. I dette huset var også bygdas folkebibliotek, og her fekk vi borna møte med forteljingar frå verda vide. Mellom anna hugsar eg enno inntrykket det gjorde, når eg las «Barn av Hiroshima».

Telefonhandel

Elles er det også gode minne når bestefar sette seg ved telefonen for å ringe inn handlelista til Samvirken på Skei. Det var Pall Mall 20 utan filter, og det var Petterøes snus, og det var drue og mjølkesjokolade og eit lettøl som heitte Brigg. Så las han opp tippekupongen, for bestefar var ivrig tippar, og han abonnerte også på tippebladet «Tips», og han hadde god kjennskap til dei engelske fotballaga. Han fekk inn ein fulltreffar ein gong, men då tippa han med eit sukkerstykkje som terning, og han hadde teke til med systemtipping og gardering.

Vi fekk også tinga eple frå «Samvirken» på Skei, men dei kunne ikkje måle seg med Gravensteinepla frå Nordfjord. Ein av onklane mine fortalde at eitt av dei minna han hadde frå jula, var den gode lukta når kassa med Gravensteineple frå Nordfjord kom i hus.

Leik og moro

Gode minne var det også når ein av naboane, som framleis hadde hest, kom forbi nedpå vegen med stort høyllass i vog-

na, og vi borna fekk sitje på. Elles måtte vi borna ofte finne på noko når dei vaksne skulle kvile til middag. Kanskje hadde det vore raspekake til middag, og det var smakfull og mektig mat, så då varte kanskje middagskvilda ekstra lenge. Då var det for oss borna å hoppe i høystålet, eller vi kunne kanskje lure oss ein tur til rommet der flatbrødet var lagra. Godt heimebaka flatbrød med si særprega lukt av mjøl og hellebakst, var som reine snopet.

Eller vi fann oss nokre sukkerstykkje, men dei smakte aller best når vi kunne gjere som bestefar, og duppe dei i nykøkt Coop -kaffi, den gule eller den sterkaste raude. Vi var alltid oppfinnsame i leiken og aktivitetane. Stundom kunne vi klatre lenge på den store steinen utmed løa, og det vart reine ekspedisjonen, som om det skulle ha vore bestigning av sjølvaste Mount Everest. Det vart elles laga makeliner som vi borna knytte i hop og sette over bukter som var eigna til det, og det var spennande fiskeri. Det var også kjekt å kunne gå ned på steintippene og kaste med sluktrøe, og då fiska vi gjerne med favorittsluken til bestefar, og det var den sølvblanke «Kleppesluken», som vart mykje brukt i Jølstravatnet.

Flugejegeren

På heite dagar om sommaren kunne det av og til verte ei fæl flugeplage innandørs. Då hadde bestemor, eller kanskje var det bestefar, plassert ei snodig innretning som hang ned frå taket. Dette var ein lang spiral, brun og klebrig, og når



Forfattern tilbake i barndommens ferieparadis no i haust.

flugene landa på denne spiralen, vart dei sitjande faste til dei stilna for alltid. I tillegg gjekk det vel stundom litt sport i det for bestefar, når han prøvde å slå fluger med avisa Firda. Bestefar sa alltid at det var viktig å ikkje rulle avisa rund, men at ein måtte hugse på å brette avisa flatt saman ein gong, slik at det på denne måten vart eit breitt og slagkraftig våpen. Ofte fekk han inn ein fulltreffar, og då kunne han seie: «Der tenkje eg den sat, då fekk eg deg»!

Ja, minna er utallige frå min barndoms grønne dal, Dvergsdal, og eg har nok truleg fått mykje av min kulturelle ballast frå Jølster og Astrup sitt rike. Mang ein gong har eg reist tilbake til jølster, og alltid må eg tilbake til Astruptunet, gjerne for å sitje i filosofisk ro på benken ovanfor kunstnarheimen og kjenne at det er godt å vere ein del av dette riket. Mangt er det å minnast, og enno har eg ikkje nemnt rakfischen og natronkaker og meire til.

22

Den korte vegen til full kontroll

Har du barn mellom 8 og 12 år?

No kan barnet få bankkort og eigen mobilbank - noko som gir full kontroll på pengebruk både for deg og barnet ditt.

ssf.no/8-12

Stubbar frå eldre tider i Jølster

Då gassen nappa

Han Per i Pertuna sto nedpå Perneså å fiska ein dage. Best da va, nykte da so umåtele. Han sky-na då at det va gassen som va dar. Å kjiyss mæ i ræva, sa han. Då slepte gassen.



10-klasse Vassenden skule. Foto: Anne Cecilie Kapstad.

Tiandeklassingane ved Vassenden skule fekk to alternative arbeidsoppgåver i samband med dei to utvalde tekstane her. Teksten «**Eit levedyktig samfunn**» hadde denne oppgåva: *Diskuter kva du meiner kjenneteiknar eit samfunn som det er godt å leve i. Skriv ein drøftande artikkel eller eit lesarinnlegg. Gje teksten din ei høveleg overskrift.*

Teksten «**Ei verd i ubalanse**» hadde oppgåveteksten: *Skriv ein drøftande artikkel eller eit lesarinnlegg der du diskuterer den eller dei viktigaste utfordringane verdssamfunnet står overfor. Gje teksten din ei høveleg overskrift. Gje teksten din ei høveleg overskrift.*

Eit levedyktig samfunn

Av Andreas Årseth 10. klasse Vassenden skule

I tusenvis av år har nye samfunn kome og gått. Nokre har klart seg lengre enn andre. Romarriket eksisterte i over tusen år før det vart oppløyst. Hitler sitt Nazi-Tyskland var mektig. Verda hadde aldri sett maken til slik banebrytande krigføring, men heller ikkje nazistane klarte å overleve. Det verka som om alt berre rakna. Kva var det med desse samfunna som førte til at dei gjekk under?

Ein kan bruke Noreg som eksempel. Vi har utvikla oss til å bli eit av dei rikaste landa i verda og ein høgteknologisk velferdsstat, men det er heller ingen garanti for at vi har gjort alt riktig. Det finst ingen fasit på kva som er eit levedyktig

samfunn. Likevel er det nokre faktorar som kjenneteiknar eit samfunn som er godt å leve i.

Klima og ressursar

Eit godt klima er veldig viktig for at eit samfunn i det heile tatt kan oppstå. Før i tida dreiv store delar av befolkninga med jordbruk. Då var det essensielt at jorda var dyrkbar og at det kom nedbør. Det er heller ikkje tilfeldig at store byar og sivilisasjonar oppstod ved store elver. Utan reint vatn vil ikkje samfunnet klare seg. For at eit samfunn skal vere levedyktig, treng ein ressursar som vi kan finne i naturen. Døme på dette er vatn, olje, treverk og gass. Med tanke på tilgang til naturressursar har Noreg vore svært heldig. På slutten av 1960-talet fann vi olje i Nordsjøen for første gong. Etter det

har vi halde fram med å hente olje opp til overflata. Teknologien vår har også utvikla seg i takt med oljeindustrien. Utan topp moderne utstyr hadde vi ikkje klart å få så stort utbytte av ressursane våre, men det kjem ikkje berre fordelar ved utvinning av ressursar. Når vi hentar oljen opp frå havbotnen, forureinar vi. Store mengder karbondioksid blir sleppt i atmosfæren vår. Med tanke på berekraftig utvikling er det viktig at vi finn andre måtar å bruke naturressursane våre på.

Teknologi

Som sagt er teknologi ein viktig faktor i utvinning av ressursane våre. Eit moderne samfunn treng teknologiske apparat og innretningar i alle fasar. Dersom du tenkjer på velferdsstaten Noreg, er det utruleg mykje teknologi i alle velferdsordningane våre. Helsesystemet vårt er eit av dei beste i verda, nettopp på grunn av høgteknologisk utstyr. Dei siste åra har det også kome robotar som er programmerte til å gjere jobben for menneska, men er dette noko vi vil? Skal vi la datamaskinene gjere jobben for oss, men samtidig miste mange arbeidsplassar? Som elev i Noreg har du fleire privilegium som mange andre rundt om i verda berre kan drøyme om. Datamaskiner, nettbrett og liknande gjer til at det norske utdanningssystemet også er veldig bra.

Velferd og infrastruktur

24 Eit samfunn med gode velferdsordningar som skule, barnehage, helsestell og aldersheimar er eit samfunn der innbyggjarane mest sannsynleg vil trivast. Det er viktig at myndighetene legg opp til dette, og syter for grunnleggjande behov som mat, klede og eit tak over hovudet. Staten er også ansvarlege for infrastrukturen. Til dømes at ein må sørge for at vegnettet er bra nok, at vi har nok flyplassar, at det er tilstrekkeleg telefondekning og at vi har eit bra avløpssystem.

Politi, militær og rettsstell

Eit samfunn som skal overleve, må vere i stand til å verne seg mot fiendar. Både i og utanfor samfunnet. For å verne seg mot andre nasjonar er det viktig med eit godt forsvar. I dei fleste land er forsvaret delt inn i tre hovudgrupper: hæ-

ren, marinen og luftvåpenet. For at eit samfunn skal kunne forsvare seg mot fiendar, er det viktig at alle desse fungerer som dei skal. Politiet sin jobb er å stanse kriminelle og sørge for at innbyggjarane føler seg trygge. Dersom politiet ikkje gjer den jobben dei skal, er det fare for at folk handlar sjølve. Det kan føre til blant anna meir vald og opprør. I Noreg har vi både PST og Kripos som kan hjelpe politiet i arbeidet. Etter at ein kriminell er arrestert av politiet, vil han eller ho bli tatt hand om av rettssystemet. I eit godt samfunn er det utruleg viktig at retten behandlar alle likt ut ifrå lova. Det norske systemet er antakelig eit av verdas beste, der domstolane er heilt uavhengige frå politikk.

Politisk system

Det politiske systemet i eit samfunn meiner eg er den viktigaste faktoren for eit levedyktig samfunn. Uansett kor mange av dei førre punkta eit samfunn har, vil ingenting fungere utan eit politisk system som tar hand om alt. Det er mange ulike styreformar rundt om i verda. I Noreg har vi eit demokrati som fungerer som det skal. Folket vel representantar som dei vil ha, og det blir sett saman ei regjering av dei eller det partiet som får flest stemmer. Døme på andre styreformar er diktatur, der all makt er lagt på ein eller ei gruppe av personar. Personleg vil eg seie at eit levedyktig samfunn treng ei rettferdig styreform for at innbyggjarane skal trivast.

Så kva var det som gjorde at Nazi-Tyskland og Romarriket fall? Eg trur det handlar om politiske system, og det er ikkje tilfeldig at desse systema hadde ulike former for diktatur. Dei klarte seg ikkje, sjølv om dei hadde framifrå tilgang på ulike ressursar, som til dømes teknologi, infrastruktur og militære styrkar. Konklusjonen min er at alle levedyktige samfunn treng eit velfungerande og rettferdig politisk system. Uansett styreform er det viktig at myndighetene legg til rette for alle dei viktige faktorane, men også for å utvikle samfunnet i ei berekraftig retning. På den måten vil vi kunne ha levedyktige samfunn i mange generasjonar framover.

Kjelder:

- Samfunnskunnskap 10
- <https://snl.no/samfunn> (06.09.18)

Ei verd i ubalanse

Av Jon-Kristoffer Navelsaker Hestad. 10-klasse Vassenden skule

I Europa og i Nord-Amerika lever vi i stor velstand, og ser på det å gå til sengs utan mat som utenkjeleg. I Afrika, Asia og Sør-Amerika er ikkje dette sjølv sagt. Mange lid av svolt og av mangel på reint vatn. Sjukdommar florerer og mange døyr, men kvifor? I denne artikkelen vil eg prøve å belyse kvifor personar kan komme i ein sånn situasjon, og kva som må til for at dei skal komme seg ut av den.

Eit urettferdig handelssystem

Problema til folk i naud kan ofte starte med økonomien i eit land. Eit problem med sjukdommar kunne ha vore unngått med eit godt helsevesen, men når landet ikkje har råd til sjukehus, blir det vanskeleg. Dei fleste land med stor fattigdom og naud har vore koloniar til europeiske statar, og koloniane har hatt som oppgåve å forsyne landet som styrer dei med råvarer som bomull, kaffi og sukker. Rundt

andre verdenskrig begynte landa bli uavhengige, men i staden for å bygge opp ein lønnsam industri, fortsette dei som tidlegare å selje råvarene sine til låg pris. Industrielanda kan såleis kjøpe råvarene til rimeleg pris og lage ferdige produkt som dei kan selje dyrt. Dette medfører at land med store mengder av råvarer sit igjen med lite pengar, og kan derfor ikkje utvikle seg meir på grunn av mangel på kapital og kompetanse.

For å kunne komme seg ut av denne situasjonen på best mogleg og ikkje minst fortast mogleg måte, treng landa hjelp utanfrå. Viss eit industrieland hadde undervist landa i korleis dei best mogeleg kunne utnytta ressursane sine, og støtta med økonomisk hjelp, ville dei ha kome i gang. Då ville dei hatt mogelegheit til å kunne konkurrere med produkt som er produserte i Europa og i Vesten. Dei ville hatt høve til å sysselsetje befolkninga si og fått eit velfungerande samfunn.

Problemet med verda er at den ikkje er rettferdig, dei fleste land gir ikkje støtte til eit land som ein gong kan komme til å utfordre dei økonomisk. Nei, dei vil heller kjøpe billige varer som dei kan tene pengar på, enn å kjøpe ferdige produkt utan å ha tent ei einaste krone til statskassa si. Derfor er det sånn at heile kontinentet Afrika med dei enorme ressursane sine berre står for 3,5% av heile verdas BNP.

Vatn, livets grunnstein

FN anslår at 1 milliard menneske ikkje har tilgang på reint vatn, og 2,5 milliardar menneske ikkje har gode nok sanitære forhold. Men kvifor? Det er nok reint vatn på jorda til alle, men den dårlege økonomien og infrastrukturen i enkelte land legg ein stoppar på å få fram vatnet. Vatn kan ikkje berre skape naud. I fleire tilfelle har det brote ut krig på grunn av denne dyrebare ressursen. I Midtausten var Israel i krig mot Syria og Libanon for å sikre seg kontroll over vatnet. I Himalaya kan også dette bli tilfelle. Himalaya er tredje største område med ferskvatn etter Nord- og Sørpolen. Pakistan, India og Kina livnærer seg av dette vatnet. I område rundt Himalaya bur 40% av verdas befolkning, og viss eit av desse landa reduserer vassstilgangen til eit anna, vil ein krig vere nærmast uunngåeleg. Men kva kan vi som enkeltpersonar gjere for å ikkje sløse med vatnet? I Europa brukar kvar person 200 liter vatn kvar dag, og i USA brukar dei heile 400 liter! Med det i bakhovudet er det heilt forferdeleg å tenkje på at ikkje alle får tak i dei 20 literane med vatn dei treng kvar dag for å overleve. Enkle tiltak som å ikkje vaske klede før dei skitne og ikkje la vatnet stå og renne, kan spare mykje vatn i løpet av eit år.

Ved dårlege sanitærforhold florerer sjukdommar som dysenteri. Men dette ville vore unngått, og liv spart, ved å bygge ut og forbetre folks tilgang til toalett. For hundre år sidan var dødstala til barn i storbyar som New York og Paris på same nivå som det er sør for Sahara i dag. Industrialiseringa gav byane økonomi og moglegheit til å bygge ut vassforsyningane og kloaknettet. Dette minka dødstala betrakteleg på kort tid. Dette viser kor viktig pengar er for eit velfungerande samfunn.

Utdanning

FN har som mål å sikre både gutar og jenter ein rettferdig og god grunnskule og vidaregåande utdanning, dette gir grunnlag for ein skikkeleg jobb ein kan livnære seg av. Vi ser på dette som noko sjølvstøtt, men ein statistikk frå FN viser at i land som Sør-Sudan, Eritrea og Mali går færre enn 66% av alle barn på skule. Dette kan ha mange årsaker, for eksempel har ikkje alle familiar råd til å sende barna på skule, eller så må dei vere heime for å jobbe. Sjølv om du kjem på skulen, er det ikkje sånn at du nødvendigvis kjem til å fullføre. I landet Niger er forventna år i skulen berre 5 år. I Noreg er skulegang gratis og obligatorisk, medan i mange andre land må ein betale for å gå på skule.

Det er ikkje umogleg å hjelpe dei i naud, men det er ikkje enkelt. Når ein først har komme inn i ein dårleg spiral, er det vanskeleg å komme ut av den. Folka i naud treng bistand og undervising for å komme ut av situasjonen. Vi som einskildpersonar kan gjere tiltak som å ikkje kaste mat, kjøpe mat som er merka med Fair Trade-merket, og bruke mindre vatn. Viss alle gjer ein innsats, vil verda vere ein betre plass å bu for neste generasjon.

Kjelder:

- <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal#rent-vann-og-gode-sanitaerforhold> (05.09.2018)
- <https://www.fn.no/Statistikk/Forventet-aar-i-skole> (06.09.2018)
- <https://www.fn.no/Statistikk/Grunnskolegang-jenter> (06.09.2018)
- <https://www.fn.no/Statistikk/Grunnskolegang-gutter> (06.09.2018)
- https://no.wikipedia.org/wiki/Krigen_om_vannet (07.09.2018)



Amerikadraummen som brast

Om enka Gunhild og dei tre barna hennar

Av Ole Magnus Kapstad og Anne Cecilie Kapstad

I november 2015 samla vener, kjende og slekt seg på Vassenden for å ta siste avskil med Kristian Furehaug, f. 17.09.1920. Han hadde stor omgangskrets og mange vener, og etter eit langt liv med engasjement i dugnadsarbeid på heimstaden sin i Florø, hadde han mange kjenningar som sette pris på han.

Sjølv om Kristian budde store delar av sitt vaksne liv i kystbyen, valde han likevel å bli gravlagt på staden der han vaks opp, og han fekk si siste kvile saman med mor si, Inga Kristiansdotter Furehaug (1892-1974) og bestemor si, Gunhild Bendiksdotter Furehaug (1854-1938).

Familiegåta

Kristian vaks opp som einbarn saman med mora og bestemora i den vesle Urastova, som ligg rett ved vegen opp til garden Hamarsbakken. På sine eldre dagar skreiv Kristian og tidlegare eigar av Hamarsbakken, Åshild Hamar (1929-2007), avtale om at Urastova skulle følgje garden den da-



Gunnhild Furuhaug og dottera Inga

gen Kristian døydde. For den ugifte og barnlause Kristian var det viktig at også foto, gamle brev og anna materiale fekk ei vidare framtid der det hørte heime i barndomsheimen hans. Før materialet vart sett vekk i kassar i den vesle stova ved Jølstravatnet, vart alle bilete, brev og dokument gått grundig igjennom av Kjell Hamar (f. 1928) og den nye eigaren av Hamarsbakken, Ole Magnus Kapstad. Kjell var tremenning av Kristian og søskenbarn av Åshild Hamar, og kjende begge godt. Han er i dag den einaste i familien som har møtt både Gunhild, Inga og Kristian.

Slekta i Hamarsbakken var kjend med at Gunhild i år 1898 hadde eit kort opphald i USA etter at ho vart enke. Både Gunhild sin bror, Andreas Bendikson Hammer (1856-1942), nevø Bertel Bendikson Hammer (1880-1966) og niese Kristina Bendiksdotter Hammer (1889-1974) utvandra til USA. At det dukka opp gamle amerikabrev i materialet til «Kristian i Ura» var difor ikkje uventa. I gjennomlesinga av breva fekk Kjell, då som 87-åring, endeleg meir kjennskap til det som fram til då hadde vore ei familiegåte. Enkelte av breva opnar med «Kjære søster Inga», medan andre er stila til Gunhild og opnar med «Til mor». Brev er livsteikn frå Amerika, frå Gunhild sine to søner, Gustav og Bendik.

Kjell fortel :«Damene ordla seg ikkje om dette. Vi visste om det, for det vart i heimen snakka lite grann om at det var to brør der, men det vart sagt at familien ikkje hørte noko frå dei. Desse damene braut opp og reiste heim, og det vart kanskje lite kontakt mellom dei? Sønene vart truleg meir eller mindre avgløymt, men det var nok ikkje vondt meint. Tida då var annleis, og det var ikkje kommunikasjon som no. Begge damene var arbeidsame og kvardagen gjekk med til det, og det var nok ikkje tid til filosofiske betraktningar. I alle fall ikkje ovanfor andre. Dei to damene snakka aldri noko om dette, og då aksepterte dei andre det, og ville ikkje



Kristian Furehaug, var barnebarn av Gunnhild og døydde i fjor.



Kjeldene for denne artikkelen er mange, mellom anna mange foto, brev og postkort.

røre med det av omsyn til dei. Kanskje vart gutane oppslukt der borte med sitt? Då vart det berre slik. Brevet frå Kristian til Atle er det første framsteg frå Kristian om temaet. Han snakka ikkje direkte om det, og sidan det var ei sår kjensle for heile familien, vart det automatisk lagt lokk på. Begge kjende kanskje nederlag for å ha flytta heim att? Dei stengte det av tenkjer eg».


Då Kjell les brevet Kristian har gitt til Atle Hamar, etter Kristian sin død, er det første gong han høyrer Kristian sjølv formidle noko om onklane sine i Amerika. Sommaren 2018 var det slektsstemne i Hamarsbakken, der etterkomarar etter Bendik Bendikson (1851-1925) og Martha Hansdotter f. Myklebust (1856-1950) var samla. Eldste son deira, Bertel B. Hammer, utvandra til USA som 18-åring i 1898, og etterlét seg mange etterkomarar der. I samband med førebuingane til slektsstemnet kjem det fram eit bryllaupsbiletet i USA frå bryllaupet til Bertel i 1910. Ein av forlovarane på biletet er namngjeven G.E. Gunderson. Eit namn og ein person som var ukjend for slekta i Amerika. På ny vert materialet etter Kristian Furehaug leita fram, og etter litt blading og lesing byrjar puslebrikkene å kome på plass. «G.E. Gunderson» er ingen andre enn han som i enkelte brev skriv namnet sitt som «Gustav Edward Gunderson». Han er den eldste sonen til Gunhild, som ho sette att som 8-åring der borte. Under slektsstemnet kjem det fram at heller ingen i Amerika-slekta har høyrte om sønene til Gunhild. Sjølv om Bertel har hatt kontakt, har brørne Gustav og Bendik likevel vore lite omsnakka også der. I Hamars-

bakke-slekta, både i Noreg og USA, var det interesse for å finne ut meir om denne familiegåta. Arbeidet med leitinga etter små og viktige trådar og spor frå fortida i Gunhild sitt liv vart intensivert.

Amerikafeber i Hamarsbakken

Gunhild vart fødd 30.12.1854. Då foreldra hennar hadde kjøpt garden Hamarsbakken i 1852, flytta familien dit. Gunhild hadde fem søsken, der bror Bendik tok over garden i 1884. I dette arveoppgjeret fekk Gunhild 500 kr. For ei ugift kvinne på 30 år må dette ha vore ein god kapital å få om hende på denne tida. Ein av dei andre brørne hennar, Andreas, var den første i Hamar-slekta som reiste til USA. Han reiste frå gamlelandet som 30-åring ved å ta ein båt frå Bergen 4.mai 1886. Andreas slo seg ned i området rundt Fargo i Nord Dakota, og bygde seg opp ein relativt stor farm og klarte seg godt i sine nye omgivnader. Ut ifrå norske passasjerlister ser vi at han var på heimreise til Noreg allereie i 1891, der han står oppført som «ugift amerikansk borger». Andreas var ugift heile sitt liv fram til han døydde som 86-åring i 1942.

Eit par år før broren Andreas kom attende til Jølster på sitt besøk, hadde Gunhild gifta seg med Kristian Johannes Gunnarson Furehaug (f.1855). Brureparet var begge rundt 35 år då dei heldt tradisjonsrik bryllaupsfest i tre dagar til endes rundt jonsoktider i Hamarsbakken i 1889. Brudgomen kom frå Naustdal og vaks opp på husmannsplassen Floten på Furehaugen. Han fekk frådelt plassen som eit eige



Dette postkortet sende Bendik til mora Gunnhild og lurar på om ho kjenner han att på maskina (Treskemaskin)
Framsida av kortet der Bendik (t.h.) driv med tresking

bruk i 1891. Gunhild og Kristian busette seg på dette småbruket, og fekk på kort tid tre barn. I bygdeboka til Naustdal står barna oppført som Gustav Edvard f.1890, Inga Serina f.1892 og Bendik Ivar f.1894. Allereie same år som minsteguten Bendik Ivar vert fødd, vert Gunhild enke, og sit att åleine med ansvaret for tre små barn og ein gard.

Barnebarnet til Gunhild, Kristian, skriv: «I den tid var Amerika den store draumen. Bror til bestemor, Andreas, hadde stor farm i nærleiken av Fargo. So var det ein del av slekta på begge sider som rådde bestemor til å selje garden og reise til Amerika, og dette vart gjort. Eit stort feilsteg! Borna likte seg godt i Amerika, men bestemor lengta so ubegripeleg.» Åshild skriv også om Gunhild og barna si Amerikareise. I hennar notat står det at «Andreas var einleg, so Gunhild fekk styre hus og heim. Borna likte seg so godt, men Gunhild lengta so ho vart mest sjuk. Etter eit halvt år heldt ho ikkje ut lenger. Ho tok med seg dei to yngste borna, Inga og Bendik, og reiste heim til Norge. Gustav vart att hos morbroren. Dette var om hausten, og det var stor storm heile tida. Amerikabåten heldt på å forlise.

So laut det verte plass til 3 menneskje meir i sperrestova (red. anm.: hjå Gunhild sin bror Bendik i Hamarsbakken). Gunhild og borna åt hos bestefaren i koven. Men sengane hadde dei i stova. Besta (red.anm.: svigerinna til Gunhild) sa aldri noko om denne vinteren. Men bestefar (red. anm.: bror til Gunhild), som var ein fāmælt mann, hadde fortalt mykje seinare at dette var ein stri vinter. Det var uver heile

hausten og vinteren. Borna laut vere inne. So vart dei leie og utolege. Dei slost og skreik alle dagar. Bestefar arbeidde i skogen oppe på Pæbakken. Endå so våt og sliten han var, so grua han seg for å kome heim i stova. (...) Om våren tok Gunhild seg teneste på ein gard inn på Fossheim (Skei). Ho fekk ha borna med seg. Gunhild, som hadde vore ei sjølvstendig bondekone, skulle no gå som ei tenestejente. Og det hos ein husbond som var so «gneldrande» sint. Kor godt dei kunne hatt det borte i Nord-Dakota.»

Bondekona er blitt tenestejente

Gunhild var åleinemor i ei tid det ikkje var velferdsordningar for slike som henne, og ho måtte sørge for seg sjølv og barna på eiga hand. Folketeljingar og postkort Gunhild og barna har fått tilsendt, viser oss at dei tok teneste på mange ulike gardar i Jølster i nokre år.

Folketeljinga i 1900 fortel at Gunhild var «tenestepige, landbrugsarbeide, budeie, husstel og haandarbeide», og at ho budde på Indre Aardal hjå husmann Ole Nilsen Aardal. I teljinga er barna Bendik (6 år) og Inga (8 år) oppført saman med mor si på denne garden. I folketeljinga frå 1910 er Gunhild «tenestepike, husgjerning og kreaturstel» på Juklestad hjå bonden Nils Juklestad. No er ikkje barna registrert saman med mor si lenger. Bendik, som er blitt 16 år, er tenestegut på Huus hjå gardbrukar Knut Nilsen der guten bur i fjøset saman med anna tenestefolk. Inga, som er blitt 18 år, står oppført som «tenestepike, syselsatt med husgjerning og kreaturstel» på Juklestad hjå gardbrukar Johannes Juklestad. Inga og mora har, om ikkje anna, fått seg teneste på kvar sin nabogard.



Tre generasjonar ved Urastova. Gunnhild t.v., Kristian og Inga.

Bendik søker «bedre fortene»

Bendik var berre 4 år då han hadde eit kort opphald saman med mor og søsken i Amerika i 1898. Han kan nok ikkje ha hugsa så mykje av storebroren Gustav på 8 år som dei sette att, og den strabasiøse reisa han var med på to gongar over Atlanteren. Den 1. mars 1912, ein måned før Titanic gjekk ned, reiser han som 18-åring frå moderlandet for andre gong. Han tek avskil med mor og syster for siste gong, og skriv seg inn i passasjerlistene som «Bendik Ivar Kristiansen Furehaug». I grunngrjevinga for reisa si fører han opp «bedre fortene», med mål om nytt yrke som farmarbeidar. Han opplyser elles at han reiser til familie der endeleg reisemål er Devils Lake i North Dakota. Dette er i området der onkelen Andreas hadde farm. Bendik er ikkje å spore som innvandrar via Ellis Island, New York. Vel over Atlanteren plukkar han ut eit postkort med bilete av det skipet han truleg reiste med, Empress of Ireland, som var eigd av Canadian Pacific. Dette kan tyde på at han kan ha gått i land i Canada. Ut frå passasjerliste ser vi at nett dette skipet var i hamna i Saint John i Canada den 16. mars. Postkortet som Bendik sende heim til Jølster er datert den 16. mars 1912, der han skriv: «Til Inga K Furehaug. Da jeg vil sende dig et kort og fortele at jeg er komme over Atlanteren og alt gikk vel.»

Inga går i mors fotspor

Inga hadde ein oppvekst der ho følgde med mor si som tenestejente på ulike gardar i Jølster. Etter at Inga vart vaksen og måtte ta ansvar for seg sjølv, heldt ho fram i same yrkesval som mor si og hadde post både på Juklestad, Ripe og Slåtten. Følgjene Inga fekk av ein oppvekst med mykje flytting frå

gard til gard, kan vi lese ut av ein skuleattest signert av læraren E. Fosheim datert 4. oktober 1914. «Inga K. Furehaug, født 17. juni 1893 i Naustdal Søndfjord søkte Søgnesand Folkeskole det sidste av hendes Skoleaar. Hendes Evner fandtes at være almindelig gode. I de Skolefag hadde hun tilegnet sig gode Kundskaber, ja i enkelte endog meget gode. At hun i nogen faa Fag (særlig Regning) stod adskilligt tilbage for andre Barn i Almindelighet skyldes, efter min Formening, at hun hadde maattet flytte meget med sin Mor, der var Tjener, om i Bygden og hadde som Følge derav ofte byttet Lærer (i alt 4). Hendes Forhold var altid det bedste.»

Gustav når Amerikadraummen

Gustav vaks opp med onkelen Andreas på farmen i Fargo. Medan Inga arbeidde som tenestejente på gardsbruk i Jølster var han og Bendik i arbeid i USA. Gustav skada seg i ein fot, og fekk etter det hjelp av onkelen til å gå på skule og få seg utdanning. I albumet etter Inga ligg det to postkort frå Gustav der han har skrivne opp adressa si ved Concordia College i Moorhead, Minnesota. Kanskje var det her han fekk skulegongen sin? Det kan vere at Gustav har vore ved Concordia College på same tid som kusina Kristina B. Hammer arbeidde som kokke der. Ho utvandra frå Hamarsbakken i 1908 og returnerte i 1913 på besøk. Medan ho var på vitjing i Noreg, braut 1.verdskrig ut med blokadar og avstengt sjøfart, med dei følgjer at ho aldri reiste attende, og vart verande i Jølster resten av livet. Kristina hadde ei samling med brev og postkort med seg attende til Noreg. Ut i frå desse ser det ut til at Gustav budde i Minneapolis i Minnesota i frå 1909-1912.

Neste spor etter Gustav finn vi i eit udatert brev broren Bendik sender heim til mora Gunhild. Bendik sender eit foto av seg sjølv, der han er portrettert saman med ein N. Ekaas. Han skriv «Kjere moder. Jeg lever bare vel er i beste velgaaende frisk og rask til ver tid og stund. Kjender de meg igen paa portretet. Jeg havde brev fra Gustav og han lever vel har god løn, han er ikke her i nærheden af meg. Han er langt nord i Canada jeg skal sende adressen has den kan de lade Inga faa. Jeg tenker hun vil skrive til han. Jeg hører de har faat pengerne som Hammer (red. adm.: onkelen Andreas) sendte for meg jeg havde arbeidet hos ham for dem. (...) De andre penger skal de have selv de er de som jeg fikk da jeg reiste. (...) Lev vel du mor». Brevet Bendik skriv ber preg av at han kan ha hatt dårlegare skulegong heime i Jølster enn det broren fekk i Amerika, for Gustav formulerer seg godt språkleg, både på norsk og engelsk.

Bendik vort heimlaus arbeidar

Kristian Furehaug fortel i sitt notat at onkelen Gustav fekk ein god jobb som kontormann, og det heldt han fram med heile sitt yrkesaktive liv. Gustav vart gift, men fekk ingen barn. I same notat fortel ikkje Kristian noko om kva Bendik arbeidde med resten av livet, men han opplyser at han aldri stifta familie. Informasjon vi har fått frå etterkomarane etter Bertel B. Hammer, som og vart kalla B.B., fortel dette (omsett til norsk): «Bendik Gunderson var ein bom (ein mann som berre reiste rundt og levde av almissar frå andre menneske). Han kom til B.B. og Emma sin farm rundt 1933 under den amerikanske depresjonen, og vart verande hjå dei. Bendik fann nokre få jobbar på farmar for veldig låg løn. Rundt 1937 (fire år etter!) stod han opp ein morgon, tok ranselen sin og hasta ned vegen, og dei såg han aldri igjen. Dei høyrde at han kom seg til Bendik Slåtten (som levde i staten Washington), men dei høyrde aldri frå han igjen. Han levde som ein omreisande heimlaus arbeidar, som reiste frå stad til stad om bord i fraktevogner på tog». Vi finn ingen brev eller postkort som viser at det har vore kontakt mellom dei to brørne og familien i Jølster etter 1. verdskrig. Den einaste kjelda som er att i materialet på garden, er eit fotografi av Gustav og kona sendt i 1973. I ein alder av 83 år har han sendt eit 35 år gammalt bilete til Inga, som får livsteiknet frå storebroren berre eit år før ho sjølv døyr. Kva kontakt som har vore i mellomtida er ukjent.

Endeleg eigen heim i Urastova

Etter lang tid i teneste ordna det seg endeleg for den tidlegare gardskona Gunhild å igjen få sitt eige hus. I notata etter Åshild Hamar finn vi opplysningar om korleis dette gikk føre seg. «Det var Gunhild Furehaug, bestemor til Kristian, som fekk denne tomten, og fekk bygge seg ei stove her - hos bror sin Bendik Hammer. Dei vart einige om dette munnleg, og det vart aldri skrive noko skøyte. Stova var sikkert bygd i 1916. Gunhild hadde då vore enkje i mange år. (...) Det er fortalt at Bendik tykte so synd i Gunhild for at ho skulle bu aleine i ei stove «langt frå folk»! So han ville at ho skulle få sette opp stova her i tunet. (...) So vart det bestemt at Gunhild skulle bygge stova der den står i dag. Tidlegare hadde der butt ein husmann som heitte Kristen i Ura. Men



Urastova (nærast) var huset som Gunhild etter kvart fekk bygt seg i Hammarsbakken, der broren Bendik var eigar.

alle spor var borte då. (...) Stova var kjøpt av kunstmålar Nikolai Astrup.»

I minneordet Rolf Endestad hadde i gravferda til Kristian, får vi god innsikt i kor viktig Urastova var for han. «Han gav alltid uttrykk for at han hadde gode barndoms- og ungdomsår der. Der budde han saman med mor og bestemor, i ein heim som Kristian var veldig glad i, og som han søkte tilbake til så snart høvet budde seg. Under oppveksten hadde han storfamilien rundt seg, noko han opplevde som trygt og godt. (...) I alle feriar og i mange helgar etter at han flytta ut, søkte Kristian attende til Urastova. Her dyrka han poteter og hagebær, her fiska han både i vatnet og i grova, og her hadde han sine utflukter til fjells. Han hadde god kontakt med naboar, og ikkje minst med slektningane i Hammarsbakken.» Kristian set sjølv ord på kva Urastova betydde for familien hans i sitt notat der han skriv: «Det var ingen «dans på roser» for bestemor å koma heim til Jølster og skulle brødfø seg og to barn. Men ho var eit arbeidsjarn med god vilje og god helse. Og folk visste å sette pris på arbeidet hennar. Ho var glad og takksam då ho fekk sett opp stova si. Det var stort å ha sin eigen heim!»

Kjelder:

Notat/brev etter Åshild Hamar

Notat skrive i 2003 av Kristian Furehaug

Brev/postkort etter Gunhild og Inga Furehaug

Brev/postkort etter Kristina B. Hammer

Telefonintervju 2. oktober 2018 med Kjell Hamar f. 1928,

Utveksling av informasjon med Ruth Halverson, busett i Minnesota USA, barnebarn av Bertel B. Hammer

Notat ved Ruth Halverson, Minnesota, USA -

Minneord ved gravferda til Kristian Furehaug, av Rolf Endestad

Bygdebok Naustdal garden Furehaug side 194-195

Bygdebok for Jølster ættesoge 1801-1974-Folketeljninga for 1900 på www.digitalarkivet.no

digitalarkivet.no-Folketeljninga for 1910 på www.digitalarkivet.no

Ellis Island passasjerlister på <https://www.libertyellisfoundation.org/>

Britiske passasjerlister på <https://www.findmypast.co.uk/>

Emigrasjonslister over Bergen på www.digitalarkivet.no

SAB, Sunnfjord Sorenskrivararkiv - II Tinglysing, Ad: Panterregister nr.

II.A.d.3, 1825-1886, s. 52, på www.digitalarkivet.no

Om passasjerlister på <https://www.arkivverket.no/slektsgranskning/passasjerlister>

Gravminner i Noreg: <https://www.disnorge.no/gravminner/>

Grendehusa som litteraturhus

Av Janne Karin Støylen



Stein Torleif Bjella samla fullt hus i Svidalen grendehus i påska. Foto: Ulf Amundsen.

Med støtte frå Nasjonalbiblioteket, Norsk kulturråd og Fritt ord har Jølster bibliotek dei siste to åra prøvd ut lokale grendehus som scener for litteraturformidling. Det vil vi halde fram med!

Den rike kulturhistoria i bygda vår kviler på ein lang tradisjon for å vere lesande og skrivande. Kring 1890 tok dåverande sokneprest i Jølster Christian Astrup initiativ til å skipe ein lesering på Ålhus, og inviterte til møte i prestegardsstovene. Bokringen har teke nye namn, og møta har gått på omgang på gardane heilt fram til i dag.

Skaparkraft er eit varemerke for Jølster. Nikolai Astrup sine landskap vekkjer internasjonal interesse. Kunstnarheimen på Sandalsstrand var open og gjestfri. Astrup sjølv var utovervendt, reiseglad og inspirert av kunstnarar både frå andre land og verdsdelar. Men det var Jølster han måla.

I møte med diktekunsten kan vi oppleve noko av det same. Tekstar skrivne frå andre landskap om andre liv, kan seie oss noko om vårt eige og syne oss kor verdifullt det er. Kor vakkert det er.

Jølster bibliotek samarbeider med Svidal skrivi og Rom for ord om arrangementa.

Vårvon ungdomslag sitt forsamlingshus i Svidalen var først ut. Ei stor sperrestove, flytta hit på godt sledeføre ein et-

terjuls vinter tidleg på femtitalet. Huset som vanlegvis er passeleg stort for tilskipingar i Svidalen var breiddfullt då vi inviterte til «Draumen om Amerika». Statsarkivar Yngve Nedrebø heldt eit svært interessant foredrag om jølstringane si utvandring, og Edvard Hoem var i storslag frå talarstolen då han fortalde og las frå dei fire bøkene han har skrivne om slektningane sine skjebner "over there". Sidan har vi vore i Haugtun, i Helgatun, i Borgja og på Eikås, på Astruptunet, i Prestegarden, i kyrkjene, på Jølstramuseet og i løa på Jølstraholmen.

Koplinga mellom lokal historie og ei aktualisering gjennom litteratur eller anna fagprosa, er ein arbeidsmåte vi vil utvikle vidare. Jølster bibliotek sit på eit omfattande arkivmateriale frå grendelaga i Jølster som møtebøker, protokollar, talar og fotografi frå frivillig lagsarbeid framgjennom tidene.

På etterjuls vinteren får vi besøk av lyrikaren Sigmund Løvåsen frå Trysil. Saman med Frode Haltli på trekkspel les han dikt inspirerte av forfedrene sin arbeidsetikk og kulturlandskapa kring seg. Vi vonar dette blir ei god opptakt til ein kulturminnekveld der vi fortel kvarandre om løyndomar kring om i grendene som kanskje er i ferd med å bli gløymde.

Programserien «Bondevit» er også under planlegging. Vi ynskjer å invitere forfattarar og forskarar som er aktuelle med landbruksfaglege utgjevingar til opne foredrag der både bønder og bygdefolk kan møtast.



Erlend Apneseth spela fele og Erlend Nødtvedt las frå boka «Vestland» i Haugtun, Stardalen like før jul i fjor. Foto: Hallstein Dvergsdal.

Skjønnlitterære tilstellingar vert det fleire av. «Grendesalongane» legg opp til ei programrekke der vi vil invitere fleire forfattarar til å fortelje om kva dei sjølve har blitt inspirerte av å lese. Kanskje saman med litt musikk? På lista vår står Brit Bildøen, Ragnar Hovland, Gunnhild Øyehaug og Per Petterson.

Den islandske forfattaren Bergsveinn Birgisson skriv om den lesande bonden slik vi kjenner han. Då han vitja pre-



Den islandske forfattaren Bergsveinn Birgisson besøkte prestegarden i fjor haust der han samtala med sokneprest Silje Sørøbø om romanen «Brev til Helga» Foto: Hallstein Dvergsdal

stegarden i fjor haust, samtala han med presten vår Silje Sørøbø om kor viktig forteljninga er for å kjenne seg heime ein stad.

Snart kjem han til Ålhus att, med ein heilt ny litterær konsert basert på islandsk versekunst, saman med Berit Opheim og Gabriel Fliflet.

- Den islandske visa formidlar det islandske landskapet, folket og historia, forklarar Bergsveinn Birgisson og siterer ei av visene i Johannes Gjerdåker si gjendikting:

Lyder du når deg vert sagt
diktet folket laga,
får du opp i loven lagt
land og folk og saga.

Hlustir þú ef sé þér sögð
samankveðna bagan,
er þér upp í lófa lögð,
landið, þjóðin, sagan.

Vi let oss inspirere av korleis islendingane forvaltar kultur-arven og språket sitt. Vi har liknande rikdomar i vår kulturhistorie her på Jølster. Dei kjem til syne i lyset av andre perspektiv, gjerne frå skjønnlitteratur og fagprosa.

99% skandinav, 1% nigerianer

DNA testar kan gje fleire spørsmål enn svar

Av Einar Gautefall

For to år sidan begynte eg å legge inn slektstreet mitt på My Heritage. Ikkje det at eg var biten av slektsbasillen akkurat, men eg tenkte no at dette kunne vere greitt å ha på papiret dersom minnet skulle svikte om nokre år. Som eit logisk resultat av dette, bestilte eg difor ein DNA-test som julepresang til meg sjølv, og etter vel ein månad kom resultatet: 99 prosent skandinav og 1 prosent nigerianar.

Taterslekt

På farssida mi har vi alltid spøka om at ein del av oss må vere av taterslekt fordi sola bit så lett på oss. Vi veit at folkegruppene som fekk namnet hordar og rygar kom frå sør i Europa etter som isen trekte seg tilbake. Det er heller ikkje utenkeleg at desse hadde afrikanske gen med på reisa.

Men denne testen har også fått fantasien til å svive. Heimbygda mi Drangedal høyrer til Kragerøvassdraget og heilt fram til etter 2. verdskrig var Kragerø byen for drangedølar. Postmeisteren i Kragerø hadde heimbygda mi som ein del av sitt distrikt.

Negerpostmeister

I Kragerø finn vi Knivstikkermauet. Her vart Christian Hansen Ernst, den såkalla «negerpostmesteren», stukken ned og drepen på open gate natta til 17. august 1694. Motivet for drapet var sjalusi.

Christian Henry var visstnok fødd som slave i England. Allereie som barn kom han i huset til statthaldar Ulrik Frederik Gyldenløve medan han var utsending i London for far sin, kong Frederik 3. På et portrett av Gyldenløve (i Eidsvollsbygningen) held ein svart tenar prakthjelmen til greven.

Det vert sagt at tenaren fann på mange spillopper til glede for sin muntre herre. Han var ikkje ukjent med intrigemakeri, var vittig og oppfinnsam – ein skikkeleg hoffnarr. Ei av



Ulrik Frederik Gyldenløve og tenaren Christian H. Ernst som seinare vart postmeister og etter kvart knivstukken i Kragerø. Måleriet som er frå 1600-talet heng i Eidsvollsbygningen.

oppgåvene var å få i stand alliansar mellom statthaldaren og dei damene denne kurtiserte. Nokon meiner også at Ludvig Holberg brukte Ernst som førebilete for Henrik-figura. Det var truleg på Gyldenløves anbefaling at Christian Ernst i 1681 blei utnemnd til postmeister i Kragerø og i 1683 også fekk embetet for mål og vekt i byen.

Han sjarmerte damene

At postmeisteren tok turar oppover i distriktet er nokså sannsynleg. At han også klarte å sjarmere kvinner i skogsbygda Drangedal er heller ikkje urimeleg. Som i så mange skogsbygder hadde mange menn vinterarbeid i skogen, og det kunne gå lang tid mellom kvar gong mannen var heime.

Kva skjedde når den sjarmende, oppfinnsame og vittige «negerpostmesteren» kom på besøk oppover dei mørke skogar i Drangedal?

Var det den seine postgangen som opptok kvinnene i heimbygda mi?

Diskutererte dei berre portotakstar og underfrankerte brev? Eg veit ikkje, men fantasien har fått ny næring.



Ei av gatene i Kragerø har fått namn etter drapet på Ernst i 1694.

«Skjold» - ein lys ide!

Av Edvin Helgheim

Onsdag 23.april 1958 såg ei avis dagsens lys i Årdal skulekrins. Avisa skulle komme ut nokså fast i nesten 4 år på i alt 270 sider! Utgjevarar var gutedrettslaget Skjold, og avisa fekk dette namnet. Første artikkelen på framsida hadde overskrifta «Ein lys ide!»:

«På Skjoldmøte 14.april la formannen fram tanken om at Skjold idrettslag skulle prente ei avis og gjeva ut. Lemene såg på planen med velvilje, og Edvin Helgheim tok på seg arbeidet med å trykkja avisa.


Dristig føretak

– Vi vonar at avisa vil koma ut ein gong om månaden, dersom ingen ting kjem i vegen. Bladet vil kosta kr.4,20 for året. Alle lemene i laget vil gjerne takka Nils Veiteberg fordi vi fekk låna duplikatoren, og ein takk til Jakob Helgheim for lån av skrivemaskin. Dei som vil tinga bladet, må melda seg til Ottar Steinset eller Edvin Helgheim. Så vil vi til slutt beda folk om at dei tingar bladet, og ikkje er altfor pessimistiske», kunne vi lese i første nummer.


9 dagar etter vedtaket i medlemsmøtet var altså bladet ein realitet. Den valde redaktøren var Ottar Steinset (Årdal). Han var 14 år, medan «trykkesjef» Edvin Helgheim var 11 år. Det må kallast ungdommeleg pågangsmot. Eit imponerende prosjekt, torer eg seie. Bak stod eit gutedrettslag på over 30 medlemmar i alderen 7 til 16 år (seinare 18) . Laget var profesjonelt drive utan vaksnehjelp, hadde årsmøte der styret og redaksjonen for avisa vart valde, der revidert rekneskap vart lagt fram, der ei fyldig årsmelding var godkjend, der det vart vald løypesjefar og arrangementsansvarlege. Idrettsstemne vart gjennomført både vinter og sommar. Stort sett utan vaksnehjelp, utanom dommarar og liknande.

Forsiktig start

Første nummer var på 4 sider, eit bretta A4-ark, trykt opp i ca. 50 eksemplar. Avisa fortel om årsmøtet i januar, der Gunnar Huus vart vald til formann. Det var han som kom



Kven som var «kunstnaren» bak denne teikninga av Olav Huslid i svevet, seier soga ingen ting om, men den sto på trykk i avisa i samband med ein «skilandskamp» mellom Årdalen og Skei i 1958



For 65 år sidan kosta avisa 20 øre.

med framlegget om å starte avis, og han skulle eit par år seinare bli redaktør for avisa. Noko som skulle bli eit fast innslag i bladet, var referat (fullstendige resultatlistar) frå ulike stemne som Skjold arrangerte, eller der Skjoldgutane deltok. Første avisa fortel om ein «skilandskamp» mellom Skjold og Skei.

– Ei heil rad gode resultat vart oppnådd. I slalåm vart det eit jamt og spennande oppgjør som Nils Jakob Juklestad vann føre Jon Gåsemyr. Skeigutane «skuffa sterkt» i langrenn, der Skjold tok tredobbel siger i eldste klasse, medan Oddvar Huslid var ein klar vinnar i hopp («Biletet syner Oddvar Huslid i hans beste hopp»). «Det var likevel ein morosam dag, og vi vonar at Skei vil vera med på ein ny «dyst» neste år.

Kryssord

Og Skjold har alt planane klar for sumarsesongen, der dei vil invitere alle gutelaga i Jølster til ein gutestafett i Årdalen. «Ein av dei som det blir sett på med store forventingar til, er Kjell Åmot, som no ligg i hard trening føre sumarsesongen». Neste nummer fortel at stafetten vart avvikla med 3 deltakande lag, Skei og Ålhus utanom arrangøren. Skjold nr.1, Skei nr.2 og Ålhus nr.3!

Med eit sjølv laga kryssord på 4.sida var første avisa i boks. Redaktøren kjem med ei lita orsaking heilt til slutt:

– Eg beklagar at det xxx vart ein del trykkfeil i dette nummeret, men eg vonar de greier å tyda det likevel.

Avisa vart skriven på banken si skrivemaskin, velvillig utlånt av bankkasseraren, medan trykkeriet var på likningskontoret, der likningssjefen lånte ut spritduplikatoren. Dei

som hugsar korleis spritduplikatoren verka, veit at der var det ikkje lett å rette opp ei side om eit ord var feilskrive. Då var det å starte heilt på nytt, eller sette xxx over. Dette blei det litt av, når den 11 år gamle trykkesjefen snubla i rettskrivinga.

Det var på Helgheim det starta

Avisa og idrettslaget Skjold var eigentleg ikkje heilt nytt. 8 år tidelegare sat nokre gutar på nokre steinar ved parkeringsplassen ved kyrkja på Helgheim. Det var søndag, og då møttest dei som vanleg ut på ettermiddagen, godt etter kyrkjetid, og spelte fotball.

No var det pause og tid for ein prat. Då kom tanken opp om å starte eit idrettslag.

– Vi våga ikkje denne gongen å spå om framtida To idrettslag hadde vorte nedlagde før. Eit hardt pengepress ville kan hende tvinga lemene ut or laget. Interessa kunne minke og alt ville verte ein fiasko, men «den som intet våger, han heller intet vinner», skreiv Ivar Helgheim nokre år seinare.

Pionerane

Anders, Atle, Jon og Jan Ivar Helgheim, Nils Haugen og Dagmund Åmot var i denne gjengen som la planar for eit idrettslag. Den 8.august 1950 var Helgheim idrettslag ein realitet.

– I dag er vi komne eit langt stykke lenger fram i tida, og kan sjå tilbake til eit gildt arbeid i laget, skreiv Ivar i 1960. Han laga òg avis, og han var heller ikkje gamle karen då han starta som bladstyrar. 12-13 år var han då første nummer av «Skjold» kom ut. Avisa vart trykt på stensilmaskina heime hos faren, som var omtykt lærar i Årdalen i mange år, og mot slutten av karrieren vart han den første skuleinspektøren (skulesjef) i Jølster). Ivar er ikkje sikker på kvifor laget og avisa fekk namnet Skjold. Det kunne vere ei oppattkalling etter skyssbåten som gjekk på Jølstravatnet nokre år, eller kanskje skjoldet hadde noko med strid og kampmot å gjere?

– Skjold har prøvt å skape interesse for idretten. I ly av dette har vi kjøpt fotballar, fått laga blad, overteke 17. mai-øvingane m.m., og vi har halde mange gode stemne. Med dette følgjer treninga og den gode idrettsmannen. Dette må vi og arbeide for i framtida. Men til det treng vi innsatsvilje, pengar og dugande formenn. Og hugs, utan Skjold hadde nok ikkje dette vorte, skreiv Ivar. Etter kvart byrja det å komme namn frå Årdalen på deltakarlistene, og etter tre år var laget eit samlande lag for gutane i Årdal krins.

Juli -52 melder avisa at idrettslaget har kjøpt inn to nye fotballar, fordi det hadde gått hol på dei to som laget hadde. Eit lite oppslag i november -53 viser at det ikkje berre var fotball som var viktig.

– Skjold har no fått eit symjebelte i gåve frå Svend Jensen. Ein flyt tolleg bra på det, så til neste sumar må alle Skjoldlemer læra seg å symja. Så gjeld det berre at sumaren vert varm, så vi kan bada mykje.

Det var ikkje alltid like lett å få inn bladpengane, og i april 1953 skriv redaktøren:

– Om nokon ergrar seg over at Skjold skal kosta kr 0,30, så kan de få sjå rekneskapen for t.d. dette nummeret: Innkomer: 20 stk. a 0,30. Kr 6.00. Utgifter: Stensilar kr. 3 ,00. Papir kr. 2,20. Overskot kr 0,80. Til kassa går såleis kr. 0,80 minus dei som ikkje betalar – 15 stk. Altså stort underskot. Hugs no då å betala!

Ivar ser med glede tilbake på denne tida. Han hugsar godt då dei starta opp Helgheim idrettslag. Gründeren på 80 år synest det var viktig, det dei fekk til i Skjold. Den tida var viktig for det eg skulle drive med seinare. Ved sida av å få ungar aktive i idrettsaktivitetar tidleg «har Skjold ei anna stor oppgåve, nemleg å aktivisere lemene i lagsarbeidet. Denne oppgåve set eg like viktige som idretten. Skjold har ei mengd møter og etter det eg forstår også mykje diskusjon på møta sine. Det er friskt. Det er eit felt som mange jølstringar ligg attende på. Skjold er nettopp eit slikt forum der framtida sine talarar kan øvast opp», skreiv han til jubileet i 1960. Og han gjentar fleire gongen i praten vår kor viktig det var at ungar/ungdom var med i positive aktivitetar. Han var ein habil idrettsutøvar. Han drog ut og studerte i Oslo, og i den tida var han med i BUL og hadde m.a. 11,1 som pers på 100-meteren. Han var òg med i landskamp mot Sverige.

Store prosjekt i Årdalen

Så er vi tilbake til 1958. Laget er 8 år, og det har igjen fått avisa opp å gå. Det var ein jobb. «Eg tykkjer at lemene har vore svært likegyldig med å samle stoff til bladet. Dette er eg lei for, men denne gongen skal eg og assistenten greie oss sjølve, men til neste nummer får versegod lemene samle litt stoff, slik som dei lova». Dette er melding frå redaktøren i avis nr.2, som alt var oppe i 12 sider. Så redaktøren og assistenten har ikkje gjort nokon dårleg jobb sjølve. Nr.2 hadde med mange resultat frå siste halvåret og eit nyskrive dikt, «MOT SUMAR»:

Det lakkar og lir mot ei varmare tid / Så no lyt nok Skjoldgutta leggja bort ski / Men ingen av Skjoldgutta sutrar for det / For tøysko og stuttbukse no over tek.

Underteikna J. Jukk

I same avisa kjem meldinga om eit arrangement som Skjold skulle bli ansvarleg for. «Jølsterstafetten for gutar vert halden i Årdalen den 8.juni, for det er ikkje andre lag i Jølster som vil taka på seg og laga til stafetten. Vi vil beda heile Årdalen om at dei ikkje set seg opp mot planen, slik at det ikkje let seg gjera å gjennomføre stafetten. Vi vil seia at dersom Årdølingane set seg mot og det ikkje let seg gjera å avvikla nokon stafett, skjemmer Jølster ut sitt gode namn og rykte».

Det vart stafett

Men stafett blir det! Neste avis, 30.juni 1958, fortel at Jølsterstafetten vart avvikla i Årdalen «under gode vertilhøve og god deltaking». 8 lag stilte til start, mellom dei Høyanger, dei andre frå Sunnfjord. Breim vann, føre Førde IL. Eit imponerende arrangement, i hovudsak arrangert av unggutar. Veteranane i laget var med og arrangerte stafetten. Start og mål var ved butikken og bilverkstaden, og løypa gjekk m.a. opp til Flatene (der vi kom vel nær bura med revar...). Garderobar var i bankkjellaren og skulehuset, og arrangørane fekk til eit enkelt høgtalaranlegg og rapporterte ute frå løypa. Ivar hugsar at han var «spiker», det same var eg i mange år frå konfirmasjonsalderen.... Stafetten vart stor i fylket, og etter kvart kom Jølster idrettslag med på funksjonærsida. Etter nokre år vart stafetten flytta til Skei, og raskt etterpå var det slutt...

Ny hoppbakke

Enno har eg berre vore innom nokre få sider av avisa, i 1958. Det er i alt 275 sider å bla i, og her må vi berre plukke ut smakebitar og enkelte saker og personar. *Finn vi ein måte å gjere avisene tilgjengelege på, hadde det vore fint. Kanskje biblioteket?* Nokre glimt frå avisa:

«Den nye «flotte» hoppbakken her i Årdalen er dei komne eit god stykke på veg med no, men det er langt frå sikkert at bakken blir ferdig til sesongen byrjar, men vi får berre vona at hausten blir lang og at snøen kjem seint, så kan det henda at det går. Bakken blir av heilt andre dimensjonar enn folk er vande med her i bygda. Bakkens kritiske punkt er litt under 50 meter, med andre ord at ein kan rekna med at bakkerekorden blir ca. 52-54 meter». I november -48 er dette statusrapporten for hoppbakken på Flatene/i Kårebakken. Dette var eit stort dugnadsprosjekt, og ei tidsskifte for hoppmiljøet i Jølster, og Skjold hadde mange rapportar. Bladet lyste m.a. ut namnekonkurransen, og her enda namnekomiteen på «Bjørnebakken» (vel tradisjonsnamn).

Bakken blei ferdig til vintersesongen. I februar melder avisa at «Bjørnebakken er no heilt i orden, og det er no berre å trakke bakken som står att, og så naturlegvis snø på stillaset. Å trakka bakken har Skjold fått ordre om å gjera så snart det kjem snø, og elles ordre om det frå formannen». Avisar har ein prat med leiaren i byggenemnda for bakken, Johs Nedrebø, som kan fortelje at «bakken hadde kosta langt meir enn dei fyrst hadde vona, og det var mykje på grunn av lite dugnad». Vi har høyrte at «mange tykkjer at Årdølingane hadde gjort lite dugnad», og det har synt seg «at Nedrebødølingane har vore dei mest interesserte...

I alle fall vart eit vellukka opningsrenn avvikla, og kva meinte hopparane? Dei fleste tykte han var god «bortsett frå at han naturlegvis var altfor hard». Ikkje imponerende lange hopp, men Arne Hafstad frå Førde klarde 47 meter i eit prøvehopp. Og no kan bladet melde at det var nedlagt eit fantastisk arbeid før bakken kunne brukast, og «det skal årdølingane ha ros for!» Bjørnebakken vart fast innslag i avisa, og høgdepunktet kom i januar -63, då Vestlandsmeisterskapen på ski vart lagt hit, med 200 deltakarar i langrenn og hopp. Og Skjold kom for første og einaste gong ut i trykt utgåve!

Ikkje jenter

Jenter hadde ikkje nokon plass i Skjold. I det aller første nummeret av avisa i 1958 (åtte år etter at idrettslaget var stifta), står det i referatet frå årsmøtet at «vidare har vi den gleden og presentere dei første lemene på spinesida», 5 jenter i alt. Det er den einaste gongen dei er nemnde, og «forsøket» vart avvikla ganske raskt. Eg syns å hugse at grunnen m.a. var at når jentene var på møtet, blei det meir uro! Kven si skuld det no var... Men referatet frå medlemsmøtet 7.januar 1960 blir avslutta med «Det var mykje uro på møtet». Då var jentene for lengst ute. Jentene kom ikkje i avisa før Framtid 4H (største 4H-klubben i fylket!) fekk faste sider i avisa frå april 1960.

Stormfullt møte

«Fredag 12.april (1959) var det Skjoldmøte i skulehuset. Det var sikkert det mest stormfulle møte i Skjolds historie», fortel Skjold. Saka var om Skjold skulle betale noko av reiseutgiftene for sine utøvarar når dei var på stemne «No sidan Jølster IL har knapt med pengar». Hovudpersonane var to gutar med sterke meiningar: Redaktøren, Ottar Årdal, og Jon Juklestad. Ottar legg vel ikkje skjul på si meining, der han i referatet karakteriserer dei som sa nei til støtte som «dei konservative». Dei gjekk mot fordi dei meinte ei slik støtte ville bli urettferdig, fordi dei som ikkje blei «oppdaga», som dei sa, og ikkje reiste, ikkje fekk noko. Referenten meinte at «å bli oppdaga, får bli deira eiga sak, og at dei ikkje er så pass at dei torer å vise seg fram på eit stemne utanom Skjold, får dei ta på seg sjølve».

Redaktøren avslutta med denne kraftsalva: «Dersom J. Juklestad med tilhengarar er utstyrt med slike kålhovud... så har ikkje vitet gjennomgått den rette utvikling». I ei anna melding i avisa skriv Ottar at han ønskjer å gå av som formann straks. «Eg er luta lei av å krangle på kvart einaste møte». Men han heldt fram som redaktør i Skjold.

Jon kom naturleg nok tilbake med eit kraftfullt svar (som redaktøren sjølvsgav han plass til). Og etter ei lengre utgreiing om sitt syn på saka, avsluttar han: «Ein formann som feller tårer på møtet og vert så fornerma at han går av som formann når han ikkje får det som han vil, han burde ikkje gå så langt at han kallar andre for kålhovud». Redaktøren svarar sjølvsgav, og karakteriserer tårene som «eit historisk fenomen» som Jon på ein eller annan uforklarleg måte har sett. Han forklarar dette med at Jon såg at Ottar hadde tårer, fordi han såg dei gjennom sine eigne tårer...



Mange, unge aktive i Årdalen i 60-åra

► **1962:** På 1950-talet skipa Ivar og Edvin Helgheim m. fl. Skjold idrettslag i Jølster, og dei gav ut bladet Skjold Nytt. Der var mange unge, aktive i Årdals-grenda den gongen. Dei fekk mellom anna i gang stafettkonkurransar, først berre for Skjold, seinare frå andre grender i kommunen. Det vart

med tida til Jølster-stafetten.

Framme f. v. Bjørg Paulen, Jo Paulen, Bjørn Årdal, Terje Årdal, Ragnar Åmot, Reidar Helgheim, Magne Årdal, Arne Per Huus, Halvar Helgheim, Even Åmot.

2. r. f. v. Audun Åmot, Magnar Juklestad, Ole B. Årdal, Sæmund Bjørset, Asbjørn Årdal, Johannes (Kjell?) Årdal,

Tormod Flatjord, Magne Flatjord, Ola Sandnes, Svein Urheim.

Bak f. v. Kjell Juklestad, Audun Nedrebø?, Johannes Nedrebø, Noralv Årdal, Edvin Helgheim, Johannes Juklestad, Torgeir Årdal.

Avisutklipp som syner skjoldmedlemmane i 1962

Ny redaktør

Det er velskrivne og kraftfulle og velformulerte meiningar frå dei to 15-16-åringane. Eg som var eit par år yngre og søskenbarn med begge, kom vel litt i klemma. Men ikkje vondt blod! Dei gjekk kvar sine vegar med sine meiningar og yrkesval: Jon gjekk inn det private næringslivet og blei etter kvart fylkessekretær for Høgre i fylket. Ottar jobba i den høgre skulen og vart sentral tillitsvald i SV i Møre og Romsdal. Begge døydde dessverre altfor tidleg.

Gunnar Huus tok etter kvart over som redaktør for avisa, og han sørgde for at avisa vart litt av eit oppslagsverk med resultat, både frå laget, men òg andre meisterskap i Jølster og vidare med. Kvart år presenterte avisa meisterskapsrekordane innanfor alle øvingar og aldersklasser, og i t.d. 1961 var det Ottar Årdal og Magnar Juklestad som dominerte i sine årsklassar, men eg oppdaga brørne mine (Roald og Jostein) med kvar sin rekord, på 200-meter og kule! Til og med utrekning av prestasjonane etter Tyrvingtabellen har avisa med, og brørne Torgeir og Jørund Årdal skåra høgt (over 2000 poeng), Jørund har halde fram karrieren som friidrettsrennar i Gloppen. Eg har gått rundt og fortalt kor gode prestasjonar eg hadde i 60 m og tresteg, men når eg les resultatlista frå 1961, har eg stort sett 3.plassen i dei fleste øvingar, etter Magnar Juklestad og Jarle Årdal i mi klasse! Stadion var parkeringsplassen ved kyrkja, det var den største, grusa flata vi fann! Hoppegrop laga vi òg, og vi fekk avvikla 60 meter. Kor 200-meteren var avvikla er eg meir usikker på.

Faste innslag i avisa var korte portrett av medlemmane:

«Vi fekk tak i formannen i Skjold, Nils Jakob Juklestad, populært kalla «Jukken». Han kjem inn i redaksjonen med lange, sikre skritt, og han bukka djupt for oss alle.

- Korleis likar du jobben som formann?

- Skal eg vera ærleg, så veit eg det ikkje endå, grunna lite snø.

- Har du ikkje prøvd hoppskiene, ein gong?

- Jau, eg har prøvd dei aldri så lite.

- Har du noko arrangement i sikte?

- Eg har ikkje tenkt på noko særleg, men eit terrennglaup kan bli muleg snart.

- Har du lege i hard trening i det siste?

- Nei, eg har ikkje trena.

- Sidan Skjold er 10 år i år har du vel tenkt å laga til eit stort stemne?

- Eg hadde tenkt å laga til eit stort renn under Skjoldmeisterskapen i vinter, men då det ikkje vart snø får vi laga eit ekstrastort i sumar.

Så gjekk åra med alle sine arrangement og hendingar. Impoverande aktivitet. For avisa vart Vestlandsmeisterskapet på ski i 1963 ei storhending. Bjørnebakken fekk stått si prøve, og det var òg langrenn. 200 deltok og Jølster idrettslag fekk mykje ros. «I Fasiten for Vestlandsmeisterskapen, burde arrangøren vore ført opp som gladaste vinnar», skriv Sunn-



Nr. 2

November 1962

Arg. 5

Vestlandsmeisterskapen går i dagane 31. jan. til 3. febr.

Vi fekk tak i formannen i Jølster Idrettslag, Johs. N. Nedrebø i telefonen her ein dag.

— Det var i hovudsaka om Vestlandsmeisterskapen på ski vi ville spørja.

— Det er vel litt tidleg enno.

— Ja, men Skjold vil alltid vera tidleg ute med nyheiter.

Og så over til spørsmåla: Kva tid skal Vestlandsmeisterskapen gå av stabelen?

— Vi har ikkje fått den offisielle meldinga om det enno, men Tvinnarreimen ringde til meg, og han sa at meisterskapen skulle vera i tida 31. jan. til 3. febr. Når vi ikkje har fått den off. meldinga enno, må det koma av at terminlista frå skiforbundet ikkje føreligg enno.

— Du veit vel heller ikkje kor

tid dei ulike øvingane skal gå?

— I og med at vi ikkje har fått meldinga enno, kan eg ikkje seia noko bestemt om det. Men eg skal lesa opp noko som stod i årsmeldinga frå skikrinsen, og der skriv Tvinnarreim:

«Fjordane skikrins har gått i brodden for å skipa eit Vestlandsmeisterskap på ski. Meisterskapen går i Jølster i dagane 31. jan. — 3. febr. Programmet vert: 3 x 10 km stafett, 15 km, 30 km. 10 km junior, spesielt hopprenn og kombinert.» Elles har eg ikkje hatt anna enn ei telefonsamtale med han, og det er ikkje utruleg at 30 km må gå sundag føre middag. Eg skulle hatt eit møte med Tvinnarreim og eit par mann frå Førde, for vi må truleg samarbeide med dei.

Framhald side 6.

Bilder frå Sm side 3

38

I samband med Vestlandsmeisterskapen på ski i 1963 kom avisa for første og siste gong ut i trykt versjon. Elles var det spritduplikator som sto for «trykkinga»

mørsposten. Skjold brukte av oppsamla overskot og gav ut sitt einaste trykte nummer.

Etter nokre år var Bjørnebakken ute av saga, og bakken grodde til. Skjold smuldra òg opp utover 70-talet. Men «Skjold» dukka oppatt som hesteskolag! Årdal hadde ein solid hesteskotradisjon. Eg hugsar at generasjonane til far min sommarstid møttest ein gong i veka og kasta hesteko i

vegen mellom Instetunet og skulen, utan å bli forstyrta av generande mykje biltrafikk, og nokre av dei som var aktive på 60-talet, kastar enno hestesko, og er m.a. NM-deltakarar 68 år etter at nokre gitar sat på nokre steinar ved Helgeheimskyrkja og skipa idrettslaget Skjold. Ikkje verst historie, det!

180 år med litteratur til folket

Jølster bibliotek (1838 – 2018)

Av Grete Skaar Sunde

I åra som kjem og Jølster skal verte ein del av Sunnfjord kommune er det ein lang tradisjon med eiga bibliotekdrift som går inn i ein ny og spanande periode.

Historie

Jølster var tidleg ute med bibliotekdrift. Dette skuldast nok i stor grad son til presten Kristen Daae, Ludvig Kristensen Daae som var student ved universitetet i Oslo. Han var i studietida god ven med Henrik Wergeland og begge ivra for folkeopplysningstanken. Han gav ei samling med bøker til Ålhus sogn og desse skulle alle kunne låne. Dermed var bibliotekdrifta i gang. I starten utgjorde ei hylle prestegarden og ei hylle i kommunehuset tjeneste som utlånsstadar. Etter kvart som bokstamma vaks, vart skulebygg og forsamlingshus som det var mange av i Jølster, arena for boksamlingane.

§ 1 «Bibliothekets formål er ved udlån af bøger inden sognet at fremme sund folkeopplysning på christeleg grund» (Grundregler for Aalhus sogns folkebibliotek 1858)

I 1858 har vi godt dokumentert både utlånstal og bokfortegnelse både i Ålhus og Helgheim Sokn. I «Aalhus sogns Allmuebogsamling» hadde dei 64 bøker som vart utlånt 58 gongar i november og desember. Både presten og lensmannen budde på Ålhus, dei var ivrige lesarar og donerte fleire bøker til samlinga. Dei fleste andre var bønder med stor interesse for det som fins bakanfor fjella. Tilvekstprotokollane viser at det er mest oppbyggjeleg litteratur om religion, skikk og bruk, jord og skogbruk som vart innkjøpt den første tida. Etter kvart kom reiseskildringar og eventyr så både barn og vaksne kunne drøyme seg litt bort i kvardagen.



Bokhylla på Eikås var i eit rom ved sida av scena i ungdomshuset. Der hadde dei «Erotiske folkeeventyr» til utlåns, men ikkje til kven som helst. Foto: Bård Støfringsdal



Det finst mange gamle, boksattar på biblioteket i Jølster. Foto: Hallstein Dvergsdal

Avdelingane

Frå 1900 og framover hadde vi desse avdelingane: Eikås, Gjesdal, Ålhus, Helgheim, Vika, Veiteberg og Myklebust. I tillegg til dette var det skuleboksamlingar med ei «vaksenhylle» i dei fleste grendeskulane.

Etter kvart fekk vi eigne biblioteklokale, nokre av dei riktig nok godt bortgøymde opp ei trapp og bak ein lang gang, men det var eigne bibliotek.

Helgheim hadde dei første åra eit godt brukt bokskap i kommunehuset i Årdalen, etterkvart vart bøkene flytta til skulen, der var tidleg ei stor boksamling.

Viken folkeboksamling på Skei, kom til etterkvart som mange busette seg i området.

Helgheim og Viken folkeboksamling vart samanslegne til Skei bibliotek, dei flytta inn på skulen og fekk 8 timar ope kvar veke. Seinare har biblioteket flytta rundt på Skei, nye skulen, kommunehuset, bankbygget og tilbake på kommunehuset. Ein del av dei eldste bøkene frå Ålhus og Helgheim står no på Skei bibliotek.

Eikås var stasjonert i det nye ungdomshuset frå 1956. Eit lite rom ved sida av scena gjorde tenesta. Opningstida var søndag ettermiddag og mange faste lånarar tok turen dit, både eldre og yngre. Bibliotekaren hadde protokollen sin liggande i ei skuff i pulten, under protokollen låg einaste boka som ikkje stod i hyllene. Det var Erotiske folkeeventyr som ikkje kunne lånast ut til alle. Gutane i krinsen visste sjølsagt om boka og ville låne den. Det fekk dei ikkje lov til, men ein av dei godt vaksne og «drevne» lånarane sa: Eg tenkjer det er greitt at dei etter kvart får lære litt om desse greiene. Dei fekk ikkje låne boka! (fortalt av ein av gutane)

Eikås grend ville gjerne utvide avdelinga. Dei hadde fått teikna rom til det på loftet i ungdomshuset, men avdelinga vart avslutta i 1976.

Ålhus hadde sine lokale i Borgja, inn bakvegen, opp ei trapp, gjennom ein gang og der var det! Mange fine skattar i hyllene og ope søndag ettermiddag. Biblioteket på Ålhus vart lagt ned i 1985.

Myklebust. Den gamle skulen var nedlagt ei tid etter 2.verdenskrig og huset vart nytta til samlingshus for grenda. På 70-talet vart det bestemt at bibliotekeininga for sørsida skulle vere her. Lokalet vart opp pussa og godt tilrettelagt som møteplass og bokutlån.

Vassenden. Gjesdal og Eikås vart i 1976 slått saman til Jølster bibliotek avdeling Vassenden og flytta inn i på Samvirkelagsloftet. Opningstidene vart etter kvart utvida til 7 timar kvar veke

I 1972 kom det ny biblioteklov. Det medførte at kommunen skulle ha eit hovudbibliotek og dei andre avdelingane vart filialar. Då fekk vi denne inndelinga: Hovudbiblioteket på Skei, filialar på Vassenden, Ålhus og Myklebust. Det vart tilsett hovudbibliotekar og filialstyrarar.

På same tid vart Jølster bibliotekstyre erstatta av Jølster Kulturstyre og det var folkevalde i kommunen som vedtok sakene som vart utarbeida av bibliotekarane.

40 Dette vart ei «blomstringstid» i Jølsterbiblioteka, det var stor arbeidsløyse i fylket og mange flinke ungdommar fekk ein sysselsettingstart ved Jølster bibliotek i samarbeid med fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Det vart samla inn gamle foto frå Jølster, registrerte og lagra i mapper på biblioteket og i fylkesarkivet. Jølster har hatt fleire dyktige fotografar, så denne samlinga er unik.

Likeeins hadde vi innsamling av arkiva til lag og organisasjonar i kommunen. No er desse arkiva samla på kommunehuset på Skei. På det meste var vi 5 personar som hadde kontoret vårt på biblioteket.

Bokbussen

Sentralbiblioteket, seinare fylkesbiblioteket, hadde eigen bokbuss med sjåfør. Kommunane hadde eigne bibliotekarar som var lokalkjende. Eit flott tilbud til små kommunar, her kom den nye litteraturen nesten inn i heimane til jølstringane. Mange ivrige born stod i vegkanten og venta spent på denne fantastiske doningen som kom med alle desse «rarin-gane» og opplevingane som budde i hyllene på bokbussen. Sjåføren sa ein gong at han gledde seg til turane rundt Jølstravatnet, ein ideell kommune for bokbuss, vi køyrde rundt vatnet og inn i Stardalen og nådde «heile» jølster. Bokbussen slutta si ferd i Jølster på slutten av 1990-talet.

§ 1.Målsetting

«Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.



Grethe Skaar Sunde har vore bibliotekar i Jølster sidan 1981. Her er ho i grendebiblioteket på Myklebust. Foto: Hallstein Dvergsdal.

Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent. Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem».

(Lov om folkebibliotek 2014)

Notida:

Etter å ha flytta rundt, både på Skei og Vassenden, er Jølster bibliotek no stasjonert med Hovudbibliotek i kommunehuset på Skei og Kombinasjonsbibliotek på Vassenden skule. Med små resursar er kombinasjonsbibliotek fin utnytting av midlane. Lærarar og elevar vert flinke bibliotekbrukarar, og det er nyttig lærdom for elevane å ta med når dei skal ut i verda og finn same systemet overalt.

Barnehage-filialane

Den nye biblioteklova opnar for nye formidlingsmåtar. Korleis nå flest mogeleg med det fine tilbudet som finst i bibliotekverda? Spesielt viktig at barn får god tilgang på gode bøker. I Jølster har vi godt samarbeid med barnehagane, vi plasserer ut bøker som vert skifta nokre gonger i året. Dette er eit godt tilbud til travle foreldre, bøkene står der: ver så god å ta med deg heim.

Gode minner frå mi bibliotekverd i Jølster

Myklebust hadde to opningstimar for veke, denne filialen vart ein viktig møteplass i grenda. Vi drakk mange kaffikoppar og diskuterte både politikk og litteratur. Bibliotekaren fekk lære mykje om klassikarane på desse ettermiddagane og takka med å fortelje om dei nyare forfattarane til vaksne og barn.

På Ålhus hugsar eg godt to små jenter som kom og ville låne bøker om dyr, helst kattar. Med seg hadde dei grunnen til det: Pusen med rosa sløyfe rundt halsen og i band. Han likte ikkje så godt den mørke trappa, men kosa seg tydeleg i biblioteket.

På Vassenden hadde vi barnetime kvar onsdag. Det var ikkje så god barnehagedekning på den tida, så barnetimen vart ein samlingsplass for heimeverande born og foreldre



Noko av det siste Grete Skaar Sunde var med på som bibliotekar, var «Verdas bokdag» for barnehagane i Jølster. Her i lag med leseledar Gard Eitungjerde Høyvik og barnebokillustratør Inger Lise Belsvik i Langhaugane barnehage. Foto: Hallstein Dvergsdal.



Aina Gamborg har teke over bibliotekarjobben i Jølster og her er ho i sving med avslutning av sommarleskampanjen som gjekk føre seg på biblioteket på Vassenden. Foto: Hallstein Dvergsdal.

i Vassendenområdet. Vi avslutta kvar gong med å leike «Bjørnen sover» og det var like spennande kvar gong.

På Skei kan eg ikkje gløyme guten som kom på biblioteket 2.januar- munnen sa: Godt nyttår og den små handa la ein liten sjokolade på pulten min. Likeeins guten som kom ein av dei siste dagane eg var på biblioteket og la ein pakke på disken min! Eg hadde annonsert at eg gjerne ville arbeide litt i hagen når eg fekk betre tid – det var boka «Min hagekalendar». Tusen, tusen takk!

No skal vi verte større kommune og bibliotekdrifta vil nok endre seg. Biblioteka i dei fire kommunane er allereie godt førebudd med mange samarbeid og felles prosjekt. Vi har felles katalog og utlånssystem, samarbeid om leseprosjekt og vi er ein del av det store nasjonale biblioteksystemet som vert godt samanbunde av Norsk bibliotektransport. Dermed kan du bestille bøker du har lyst å lese i ditt lokale bibliotek og få dei levert etter få dagar.

Bruk dette fantastiske tilbodet som biblioteket er, både for utlån av medier og som lågterskel-møteplass .

Folkebiblioteket

Eg tror på ord,
 Eg tror på bøger.
 Mest av alt
 Tror eg på bibliotekene
 Som lar oss tro ka me vil,
 Og gjer oss lov til å velga fritt
 Fra hyllene sine,
 uten at de tar seg betalt for det.
 Det e derfor
 Bibliotekene e så
 Troverdige.

(Gunnar M. Roaldkvam)

Sauesanking i Årdalen på 70-talet

Av Edvin Helgheim



42

*Skiljing av sauer
på Erikstad i
1972 eller 1973.*

Dette bildet har vi fått tilsendt av Edvin Helgheim og det syner haustens vakraste eventyr i Årdalen, nemleg sanking av sauer i Kupa.

Sauesanking i det vide fjellområdet mellom Jølster, Gloppe og Naustdal var ei storhending som samla mykje folk og gjerne tok fleire dagar. Når sauene var samla i hop inne ved hytta ved Stegsvatnet, var det tid for å føre den store «Kupedrifta» heimover.

Edvin Helgheim fortel

Dette humørfylte sauesankingsbildet er frå 1972-73. Fotografen er Edvin Helgheim, som då var journalist på Sunn-

mørsposten sitt Florø-kontor og som gjerne ville la lesarane i eit stort område ta del i denne festen som kom kvart år i Årdalsdalen. Då kom drifta frå Kupa ned til Legene og blei førde som ei lang, kvit skrei fram til skiljekvea ved vatnet. Akkurat dette året blei sauene skilde på Erikstad, vi kan sjå fjøsen til Bjarne Erikstad i bakgrunnen.

Det er Bjarne som held lammet, og vi ser at det er tett med sauer, sikkert fleire enn gjennomsnittet siste åra. Leif Urheim held ein su og stikk hovudet fram, og på hi sida av gjerdet smiler Ida Erikstad, som er søstera til Bjarne og gift med Leif. Olav Opheim og Gunnar Juklestad smiler i bakgrunnen, og på gjerdet står Unni i Sameltunet. Kanskje nokon veit kven den andre jenta er?

Emissæren og fjøsbroka

Av Jan Asle Bolset

Det banka på døra. Eg sto i fjøsbroka, men let likevel opp. På troppa sto ein omreisande emissær.

Han helste fint goddag, så byrja han å tala om at enden var nær. Om eg ikkje hadde sett teikna rundt om i verda. Jau, eg hadde då fjernsyn, so eg har no fått med meg galenskapen omkring, jatta eg med.

Han snakka om frelse før det vart for seint. Til dette svara eg at for meg er det i seinaste laget korso.

Då han skjøna at skriftinga mi var over, pakka han saman den flotte veska si, retta på slipset og sa farvel.

Eg gjekk inn i stova og keik ut glaset, i ei røyksky for han av stad i ein bil til 3 vanlege årsløner. Det var då eg byrja å undra på om han hadde rett.. Kanskje enden var nær likevel? Emissæren hadde budd seg på ei siste reis på fyrste klasse. Eg såg ned på fjøsbroka mi.



Jan Asle Bolset med barnebarnet Mia (1) på smykkefest i januar i år. Foto: Hallstein Dvergsdal

43

Eg har gått meg skorfast

Av Jan Asle Bolset

Lik eit kreatur som korkje kjem seg att eller fram sit eg i klemma. Skora er smal og kort. I eine enden er der såpass rom at eg kan snu meg halvvegs rundt og setja meg ned. Det var skodda som gjorde utslaget. Turen hadde vore fin heilt til eg skulle snu nedover igjen. Då kom ho.

Som ei bølge av tjukk røyk kom ho med vinden. På ein augneblenk mista eg retningssansen. Kva som er oppover og nedover er plent umogeleg å seie. Dei seier at får du skodde på deg, skal du setje deg ned å vente til ho reiser. Eg gjorde motsett. Eg sprang så eg var galen for å komme meg unna. Eg vart for sein.

Lova og laug

Eg tok av frå råka for å kunne springe meir rett fram. For ein idiot. No sit eg her og ventar på at floget skal openberra seg. Det er sikkert hundre meter ned rett i steinrøysa. Det yrer tett frå skoddebankane som driv forbi. Eg er

svolten og. Skreppa med mat og drikke heiv eg i frå meg for å kunne springe fortare. Eg er ikkje mykje religiøs av meg, men no ber eg til Han der oppe. Ber om ein veg ut av uføret. Lovar Han at eg skal slutte med banning og svir. Seier at eg aldri skal fara med løgner igjen. At eg skal gjere opp all skuld eg har, straks eg er på trygg grunn. At eg skal gå til kyrkje kvar ein sundag resten av mi levetid. Berre Han bergar meg.

Brått vert det ei rivne i skodda. Eg ser ein solstråle leike seg i fjellsia bortanfor. Litt etter litt klarnar det. Eg tek til å kjenna meg att. To meter bortanfor meg ligg råka som ein brei veg i landskapet.

Skorfestet mitt er ikkje anna enn ein stor stein der eg har klamra meg fast ein meter over bakken siste timane. Eg kjenner ei lette so stor at eg mest besvimer. Dette må feirast når eg kjem ned att i bygda. I kveld skal det ranglast og skrønast. I morgon er det søndag og då kan eg sove heile dagen.

Stubbar frå eldre tider i Jølster

Korsong med forviklingar

I år er det atter julekonsert i Helgheimskyrkja, og det er mange korsongarar som skal i aksjon. Vi får håpe det går betre med dei enn det gjorde med det koret som skulle underhalde på årsmøtet til DnB ein stad i ytre Sunnfjord. Dei hadde nett sunge Lys og varme med ei slik innleving som berre kor i Ytre Sunnfjord kan. I ei krå sat ein gjeng som fleire gonger hadde heva glasa høgt i begeistring. Då siste tonen hadde døydd ut, reiste ei av dei penare damene ved bordet seg og ropte bort til koret:

– Kan dere ikke være så elskverdige å synge «Lys og varme».

– Ja, men det var då den vi nettopp song svar- te dirigenten, nokså forskrekka.



– Var det det, sa dama, det var synd jeg ikke visste det, for jeg er så forferdelig glad i den sangen.

Frå ein Julekonsert i Helgheimskyrkja

SPAR 

Jølstraholmen

Ope: Måndag - fredag 07 - 23
Laurdag og søndag 08 - 22

 Norsk Tipping  Post i butikk

Jølstravegen 705, 6847 Vassenden • ☎ 57 72 75 05

Vi leverer i Jølster: <https://spar.no/nettbutikk/>

Jølstringen kafe

☎ 57 72 71 35

Ope: Måndag - fredag 07 - 23
Laurdag og søndag 08 - 22

Meir informasjon her:

<https://spar.no/Finn-butikk/SPAR-Jolstraholmen/>



**coop
marked**

COOP MARKED VASSENDEN

Tlf 57 72 72 00

Opningstider:
Kvardagar 08.00 – 20.00
Laurdag 08.00 – 18.00

ALF HELGHEIM & CO AS
Skei Sentrum • 6843 Skei i Jølser
Tlf. 57 72 83 11 • post@alfhelgheim.no • www.alfhelgheim.no

Eikås Skogsdrift AS

6847 Vassenden

Mobil 97 64 84 82

jarle@eikaas-skogsdrift.no

VASSENDEN TAXI

6847 Vassenden
Mobil 48 21 00 22

Bakverk med tradisjon!

45

MASKINENTREPRENØR

Jostein Sunde As

jostein-sunde.com

Telefon: 57 72 73 00

- Graving • Boring
- Steinmassar • Sprenging
- Transport • Kontainerutleige

Velkommen til Jølster Panorama – i verdas vakraste ramme!

Jølster Panorama er ein idyllisk, ny og moderne campingplass som ligg i vasskanten av Jølstravatnet. Vi har 40 oppstillingsplassar for camping og telt og nytt og moderne sanitærbygg. Vi kan tilby båtutleige og sløyserom. I tillegg både sel vi, og leiger ut fiskeutstyr. Fiskekort kan du kjøpe hos oss.

På Jølster Panorama kan du sitte på takerassen og nyte den fantastiske utsikta over Jølstravatnet og fjella ikring. Du kan dyppe føtene i vatnet, og nyte stunda, rett og slett. Ver velkommen!

jolsterpanorama.no
Jølster Panorama
malene@essoskei.no
Tlf. 57 72 82 34

COOP MARKED SKEI

Telefon 57 72 83 77
Opningstider 9–21 (18)
epost: skei@marked.coop.no

BYGG MIX

Telefon 57 72 87 68
Opningstider 9–16.30 (13)
epost: skeijolster.byggmix@coop.no



COOP JØLSTER SA

Telefon 57 72 83 77
6843 Skei

46

MASKINENTREPRENØR
Ottar Dvergsdal AS
6843 SKEI

-Alt innan grunnarbeid

Jølster Fotterapi

Eg hjelper deg med:

- Negle- og hudlidingar
- Skorelaterte fotproblem
- Råd og veiledning av sko
- Råd, øvelsar og veiledning for å gjenskepe optimal bevegelse og styrke muskulaturen i foten, i individuelle avlastningar og sålar
- Førebygging av komplikasjonar, t.d. ved diabetes og revmatisme

Ira Røyseth Førde
aut. fotterapeut og biomekanisk terapeut med høgskuleutdanning innan sko, bevegelse og helse

Vikavegen 1, 6843 Skei
Tlf. 990 26 833

Rør og rørartiklar
Sanitæreanlegg og utstyr
Varmepumpe luft/vatn
Pumpeanlegg
Kjøkkeninnreiing
Baderomsmøblar

JØLSTER RØR AS

Aut. rørleggarmeister
TROND AARDALSBASSE
POSTBOKS 43 • 6841 SKEI I JØLSTER
TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 95 98 78 20

nordfjord *Naturstein av høg kvalitet* **SKIFER**

www.nordfjordskifer.no

Jølster 
Betongbygg a.s



Tlf. 57 72 70 18
Mob. 908 83 940

 **JØLSTER BIL**

6843 Skei i Jølster
Tlf.: 57 72 68 90
www.jolsterbil.no

 **KJØSNES**
FERIEHYTTER

www.kjosnes.no
Tlf. 97 01 92 86

SKEI TAXI

90 57 55 55

Drosje / rullestolbil / turvogn
Opp til 16 passasjerplassar

6843 Skei

 **elfag**

Årdalsbakke Elektro AS
Vikavegen 104, 6843 Skei i Jølster
www.aardalsbakke.no

 *elfag.no - Når du treng elektrikar*





«Blåtime på Jølstravatnet» Foto: Hallstein Dvergsdal

Solglimt Trykkeri / Firda Tidend, Sandane

Kr. 100,- ISSN 0801-9592



9 770801 959289